





Årsrapport 2019



Opinion gjennomførte ei befolkningsundersøking for Språkrådet våren 2019. Ein undersøkte haldningar til namneendring på offentlege verksemder og erfaringar med engelskspråkleg betening. I overkant av 1 000 personar svara på undersøkinga. Nokre av resultatata blir presenterte i denne årsrapporten.



60 prosent
synest offentlege
verksemder i større
grad bør følgja råd
frå Språkrådet ved
namneending



48 prosent
er negative
til reklame
på engelsk

Innhald

I	Melding frå leiinga	6
<hr/>		
II	Introduksjon til verksemda og hovudtal	9
	Verksemda og samfunnsoppdraget	10
	Organisasjonen	12
	Nokre hovudtal	14
<hr/>		
III	Aktivitetar og resultat i 2019	21
	Utvalde høgdepunkt	22
	Språkdagen 2019	26
	Resultatmål	28
	Prisar og publikumsarrangement	60
	Kommunikasjon	62
<hr/>		
IV	Styring og kontroll i verksemda	65
	Overordna vurdering av styring og kontroll	66
	Nærare omtale av tilhøve som gjeld styring og kontroll	67
<hr/>		
V	Framtidsutsikter	70
<hr/>		
VI	Årsrekneskap 2019	73

Melding frå leiinga

Språkrådets viktigaste oppdrag er å sikra norsk som samfunnsberande språk i Noreg. Dette er eit stort kulturpolitisk oppdrag, og det er eit oppdrag som krev innsats frå alle samfunnssektorar. Eit godt og velfungerande språk kan difor ikkje isolerast til å vera eit kulturvernspørsmål. Det er òg ein grunnleggjande føresetnad for at det norske samfunnet skal fungera, og for at det skal vera eit godt samfunn å leva i.

Språket er sentralt i gjennomføringa av eit digitalt skifte som skal auka effektiviteten og gje god og klar kommunikasjon mellom staten og innbyggjarane. Samfunnet vårt er avhengig av eit opplyst offentleg ordskifte. For at dette ordskiftet skal vera på norsk, treng me at språket både er brukeleg og i bruk på alle samfunnsområde. Det kjem ikkje av seg sjølv, men som eit resultat av god, målretta innsats. Språkrådets oppdrag med å samordna språkpolitikken er viktigare enn nokon gong, og her har me lagt ned store ressursar i året som gjekk.

I august 2019 sende Kulturdepartementet utkast til ei norsk språklov ut på offentleg høyring. I tillegg til å styrkja villkåra til norsk med dei to skriftspråka bokmål og nynorsk vil ei slik lov vera svært viktig for dei andre språka som Noreg har eit særleg ansvar for. Det gjeld både dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romanes og romani, og det gjeld ikkje minst norsk teiknspråk. Saman med norsk vil desse språka for første gong få lovfesta statusen sin. Utkastet til *lov om språk* omfattar dessutan ei lovfesting av Språkrådet som fag- og forvaltningsorgan. Det vil gje viktig styrke til Språkrådets rolle som forvaltar av dei norske skriftspråksnormene og den norske rettskrivinga, og det vil styrkja rolla vår som strategisk samordnar av den sektorovergripande norske språkpolitikken.

Språkrådet skal arbeida for at alle delar av staten utfører sin del av den sektorovergripande språkpolitikken, til glede og nytte både for den enkelte språkbrukaren og for samfunnet vårt. I 2019 har Språkrådet etablert og styrkt mange viktige samarbeid som skal bidra til at dette målet blir nådd. Me vil særleg trekkja fram samarbeidet med Brønnøysundregistera, Difi og Skatteetaten om ein felles omgrepskatalog for staten. Me vil også løfta fram det gode og konstruktive samarbeidet med ei lang rekkje aktørar i universitets- og høgskulesektoren i arbeidet med å styrkja norsk fagspråk.

I 2019 etablerte Språkrådet og Nasjonalbiblioteket eit samarbeid om utbygging av innhaldet i Språkbanken, som er den sentrale samlinga av digitale språkressursar for utvikling av språkteknologi på norsk. Samarbeidet skal gje store og små teknologiutviklarar enkel tilgang til desse ressursane. Dei legg grunnlaget for språkteknologiske produkt som skal gje betre tenester til innbyggjarane i heile landet og auka effektiviteten i staten.

Bruken av Språkrådets rettleiingsressursar i 2019 viser at interessa for det gode og korrekte språket er stor. Aldri tidlegare har så mange nytta Språkrådets digitale svardatabase og fått rådgjeving i sosiale medium. Det er òg svært stor interesse for *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka*. Det er



gledeleg at Universitetet i Bergen er i godt gjenge med å revidera desse ordbøkene. Slik kan dei nytta høg tillit og vera presise kjelder til det norske språket også i framtida. Revisjonen er prosjektfinansiert av Kulturdepartementet gjennom Språkrådet og skal etter planen vera ferdig i 2023.

Språkrådet har i 2019 hatt ei lang rekkje språkarrangement, både aleine og i samarbeid med andre. Årets største arrangement var den internasjonale PLAIN-konferansen, som me arrangerte saman med Difi og klarspråksorganisasjonen PLAIN. Over 400 deltakarar frå 32 land besøkte konferansen i Oslo, der temaet var «klar kommunikasjon – klare resultat». Blant dei 100 føredraga var mange norske verksemder som fekk synt fram klarspråksarbeidet sitt. For Språkrådet har arrangementet ført til internasjonal merksemd og samarbeid med nye partnerar, og det har lagt eit grunnlag for vidare utvikling av klarspråksarbeidet i åra framover.

Mange delar av staten tek ikkje det språkpolitiske ansvaret sitt så alvorleg som dei burde. Det kom i 2019 til uttrykk gjennom manglande etterleving av *lov om målbruk i offentleg teneste*, gjennom at mange statlege verksemder ikkje tek ansvar for utvikling av norsk fagspråk, og gjennom for lite vektlegging av *prinsippet nynorsk*, som skal sikra at




majoriteten tek rimelege omsyn til mindretalsspråket. Det er òg for dårleg oppfølging av tiltak som skal sikra inkludering av særleg utsette språkbrukargrupper i samfunnet vårt. Ikkje minst gjeld dette brukarane av norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka. Dei språklege rettane som er heimla i språkpolitikken, er der for å sikra interessene til den enkelte språkbrukaren i møte med det offentlege og styrkja det norske språkmangfaldet. Her har alle delar av statsforvaltninga eit stort og uomgjengeleg ansvar.


Me treng eit fellesskapsspråk for å ha eit velfungerande samfunn. Me treng å etterleva språkpolitikken for å verna interessene til språkbrukarane. Og me treng språka våre som felles kulturobjekt. Språkrådets arbeid i 2019 har vore konsentrert om tiltak som mest mogleg effektivt skal støtta opp om desse måla, og del II og III av årsrapporten gjer greie for dette. ●

Åse Wetås
direktør

Erik Ulfsby
styreleiar



72 prosent
er negative til
namneskiftet
frå NSB til Vy



53 prosent
er negative til
namneskiftet frå
Statoil til Equinor

DEL II

Introduksjon til verksemda og hovudtal

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål
og er underlagt Kulturdepartementet.
Språkrådet har eige styre.



Verksemda og samfunnsoppdraget

Fullmakter og ansvarsområde

Språkrådet følgjer opp språkpolitiske mål og strategiar som er fastsette av regjeringa og Stortinget. Vedtektene seier at Språkrådet kan uttala seg og gje råd etter eige skjønn om kva tiltak som best tener dei vedtekne språkpolitiske måla. Språkrådet har ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter og skal uttala seg om spørsmål som andre statlege organ eller verksemdar legg fram for rådet. Språkrådet representerer Noreg i nordisk og internasjonalt språksamarbeid. Språkrådet har fullmakt

til å gjera bindande normeringsvedtak for bokmål og nynorsk i einskildsaker. Vedtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for Kulturdepartementet til godkjenning. Etter opplæringslova godkjenner Språkrådet ordlistar og ordbøker til skulebruk. Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan. Språkrådet administrerer norsk og kvensk stadnamnteneste og forvaltar ei tilskotsordning for innsamling og registrering av stadnamn.



Overordna mål

Det overordna målet for den norske språkpolitikken er å styrkja norsk som fullverdig språk og sikra både det norskspråklege og det fleirspråklege mangfaldet.

Tildelingsbrevet for 2019 fastsette tre hovudmål for Språkrådet:

A

Å styrkja statusen til norsk språk og bruken av det i samfunnet

B

Å fremja norsk som eit godt og velfungerande kultur- og bruksspråk

C

Å sikra det språklege mangfaldet og språkbrukarane sine interesser



Samarbeid med andre

Språkrådet samarbeider med både offentlege og private verksemder i Noreg.

Nasjonalt:

- **Arkivverket** – revisjon av Forvaltningsstandard for omgrepskoordinering og -harmonisering
- **Bergen kommune** – revisjon av Forvaltningsstandard for omgrepskoordinering og -harmonisering
- **Brønnøysundregistra** – Felles omgrepskatalog, revisjon av Forvaltningsstandard for omgrepskoordinering og -harmonisering
- **Det Norske Teatret** – samarbeid om «Språkoppdraget»
- **DigitalNorway** – arbeidsgruppe for terminologi innanfor digitalisering
- **Digitaliseringsdirektoratet (tidlegare Difi)** – samarbeid om klarspråkstiltak, e-læringskurs i terminologi, omgrepsstandardar og emneordlista LOS, om innsamling av språkdata for gjenbruk og vidarebruk og om undersøking av bruk av språkteknologi i offentlege verksemder
- **Direktoratet for e-helse** – bidrag til språklege retningsliner for omsetjing av SNOMED CT, revisjon av Forvaltningsstandard for omgrepskoordinering og -harmonisering
- **Høgskulen på Vestlandet** – samarbeid om nynorsk språkteknologi
- **Integrerings- og mangfaldsdirektoratet** – samarbeid om minoritetsspråk
- **Justisdepartementet** – revisjon av Forvaltningsstandard for omgrepskoordinering og -harmonisering
- **Kirkens bymisjon og Romano kher, romsk kultur- og ressurscenter** – samarbeid om romanes
- **Kvensk institutt – Kainun institutti** – samarbeid om kvensk
- **Mattilsynet** – revisjon av Forvaltningsstandard for omgrepskoordinering og -harmonisering
- **Miljødirektoratet** – termprosjekt i klimafag
- **Nasjonalbiblioteket** – samarbeid om Språkbanken og publikumsarrangementet «Høtt sa du?»
- **Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet** – termprosjekt i matematikk
- **Norsk barnebokinstitutt** – samarbeid om språk i medietilbodet for barn og unge
- **Norsk studentorganisasjon** – samarbeid om norsk fagspråk
- **Norsk telegrambyrå og Nynorsk pressekontor** – samarbeid om nynorskroboten
- **Oslomet** – termprosjekt i astronomi og bibliotekfag, samarbeid om teiknspråk
- **Sametinget** – samarbeid om stadnamn
- **Skatteetaten** – revisjon av Forvaltningsstandard for omgrepskoordinering og -harmonisering
- **Sogn og Fjordane fylkeskommune** – samarbeid om nynorsk språkteknologi
- **Standard Norge** – samarbeid om norskspråkleg terminologi
- **Statens pensjonskasse** – revisjon av Forvaltningsstandard for omgrepskoordinering og -harmonisering
- **Statped** – samarbeid om teiknspråk
- **Stord kommune** – samarbeid om nynorsk språkteknologi
- **Universitetet i Agder** – termprosjekt i matematikk
- **Universitetet i Bergen** – språksamlingane, Norsk ordbank, Bokmålsordboka og Nynorskordboka, Termportalen, termprosjekt i kjemi, lingvistikk, klimafag og celle- og molekylærbiologi
- **Universitetet i Oslo** – MultiLing – senter for fleirspråklegheit, termprosjekt i kjemi, astronomi, matematikk, lingvistikk og celle- og molekylærbiologi
- **Universitetet i Sørøst-Noreg** – termprosjekt i lingvistikk
- **Universitets- og høgskolerådet** – arbeidsgruppe for studieadministrativ terminologi, samarbeid med leiinga om å bruka UHR sine fagorgan i arbeidet med å danna termgrupper i UH-sektoren

Internasjonalt:

- **EFNIL** – samarbeid mellom europeiske nasjonalspråksinstitusjonar
- **Nettverket for språknemdene i Norden**
- **UNGEFN** – Norden Division – nordisk FN-samarbeid om stadnamn

I tillegg kjem fleire nordiske og internasjonale samarbeidsorgan innanfor terminologi, klarspråk, språkteknologi og leksikografi.



Organisasjonen

Leiing

Styret har det øvste ansvaret for verksemda i Språkrådet.
Styret er oppnemnt av Kulturdepartementet med Erik Ulfsby som styreleiar.

Styremedlemer

- Trond Trosterud
nestleiar
- Jan Erik Knarbakk
- Eli Bjørhusdal
- Torunn Reksten
tilsettrepresentant

Vararepresentantar

- Hege Myklebust
- Terje Lohndal
- Bjørg Nesje Nybø
tilsettrepresentant

Direktør Åse Wetås står for den daglege leiinga av verksemda. I leiargruppa sit direktøren, leiarane for dei tre språkfagseksjonane, administrasjonssjefen og kommunikasjonssjefen.



Lokalisering

Hovudkontoret til Språkrådet ligg i Observatoriegata 1 B i Oslo. Språkrådet organiserer òg stadenamntenesta, som for tida har kontor i Oslo, Tromsø og Bergen.




31,79 årsverk

I 2019 hadde Språkrådet 31,79 årsverk fordelt på 35 tilsette.



Organisasjonskart



Nokre hovudtal

Volumtal

Rådgjeving frå Språkrådet og bruk av standardordbøkene på nett

År	Direkte rådgjeving			Visningar på nettsidene			Bokmålsordboka og Nynorskordboka	
	E-post	Telefon	Sosiale medium	Språk-hjelp	Svarbasen	Aktuelt ord	Oppslag på ordbok.uib.no	Nedlastingar av ordbokapp
2017	4477	1290	798	835 247	829 412	173 701	42,1 millionar	28 456
2018	4508	411	763	901 337	1 175 376	185 700	45,4 millionar	38 185
2019	5422	451	717	1 029 910	1 471 323	214 916	53,7 millionar	31 831

Stadig fleire bruker språkhjelpsidene og svarbasen til Språkrådet som rettskrivingsressurs, samtidig som talet på direkte førespurnader på e-post held fram med å veksa. Talet på søk i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* aukar monaleg, og over ein tredjedel av søka skjer no gjennom appen for mobilar og nettbrett.

Kurs og utetterretta verksemd

År	Klarspråk	Nynorskurs	Terminologi
2017	25*	14	6
2018	16*	16	8
2019	15*	12	16*

* Tala omfattar både kurs, føredrag og konferanseinnlegg

Nedgangen i talet på klarspråkskurs og -innlegg skuldast ei nedprioritering på klarspråksfeltet til fordel for arbeidet med lovtækstar (sjå neste side).

Nettkurs i klarspråk

År	Den gylne pennen*
2017	1427
2018	1408
2019	1405

*Tala viser kor mange som har fullført heile kurset. 2490 brukarar gjennomførte heile eller delar av kurset i 2019.

Nettkurs i nynorsk

År	Oi, på nynorsk!*
2017	1190**
2018	1884
2019	791

*Tala viser kor mange som har teke heile eller delar av kurset.

** Kurset blei lansert i juni 2017.

Det er ikkje råd å få tak i nøyaktige tal, for mange verksemdar lastar kursa inn til eigne læringsplattformer. Me har ikkje oversikt over bruken hjå desse verksemdene. Tala indikerer likevel at bruken av klarspråkskurset er stabil, medan det er ein nedgang i bruken av nynorskurskurset. Det er difor grunn til å promotera og marknadsføra nynorskurskurset i større grad.

Arbeid med språket i lover og forskrifter

År	Lover*	Forskrifter
2009	1	
2011	2	
2012	3 (2 nye)	
2013	3 (2 nye)	
2014	4 (alle nye)	
2015	3 (1 ny)	
2016	4 (ingen nye)	3
2017	6 (4 nye)	1
2018	3 (alle nye)	
2019	6 (2 nye)	1

*Tala i tabellen omfattar både heile lovtekstar og utdrag av lovtekstar. Arbeid med lover strekkjer seg som oftast over fleire år. Difor er nokre av lovene i tabellen talde med fleire gonger.

I perioden 2009–2019 har Språkrådet hjelpt til med å kvalitetssikra språket i til saman 21 lover (heile tekstar eller utdrag) og 5 forskrifter. 13 av lovene var på bokmål, 8 var på nynorsk. 4 av forskriftene var på bokmål, 1 var på nynorsk.

Saker om brot på mållova

2016	2017	2018	2019
56	60	53	87

Språkrådet fekk i alt 87 førespurnader om brot på mållova i 2019. Av desse gjaldt 32 eksamen i feil målform. Til samanlikning fekk me 53 førespurnader i 2018. 24 av desse kom i etterkant av eksamensavviklinga ved universitet og høgskular.

Språkrådet har grunn til å tru at dei aller fleste brota på mållova ikkje blir rapporterte eller klaga på. Talet på saker varierer mykje frå år til år. Me trur likevel ikkje det reelle talet på brot varierer i like stor grad – forklaringa på tala ligg heller i variasjon i talet på klagarar.



➔ Termbasar

Termbase	Termpostar			
	2010	2015	2018	2019
Termportalen		95 829	97 675	99 251
Snorre		52 282	59 700	60 951
EU-basen	40 319	42 895	43 316	43 510
MeSH			20 833	20 833
Humord				18 968
Realfagstermer				10 780
Internasjonal klassifikasjon for sjukepleiepraksis (ICNP)		4 212	4 500	5 150
Språkrådets termwiki		1 656	3 633	3 573
Felles omgrepskatalog			113	3 509
Electropedia		3 073	3 073	3 073
Matematisk ordliste			1 644	2 125
Kollegiet for brannfaglig terminologi	1 424	1 629	1 747	1 876
UHRs termbase (studieadministrativ terminologi)		1 868	1 868	(inngår no i Termportalen)
Akutt forureining	67	599	709	709
Nordisk mobilitet			206	206
Finans Norge				189

Termbasar og andre termressursar er blant dei viktigaste verktøya for å vidareutvikla norsk fagspråk. Språkrådet arbeider for at det blir utvikla fleire termressursar på begge målformer, og at innhaldet blir gjort tilgjengeleg for gjenbruk i språkteknologi. Det har vore ei forsiktig utvikling av norsk fagterminologi i dei største termbasane og -ressursane frå 2018 til 2019.

Dei største termbasane har fått noko meir innhald i 2019. Termportalen ved UiB har teke over UHRs termbase, medan tilfanget i Snorre, EU-basen og ICNP har auka i ulik grad. Fleire basar manglar fast finansiering, og då stoppar veksten i tilfanget heilt opp. Det gjeld til dømes MeSH og Electropedia. Felles omgrepskatalog har ein nyleg byrja å fylla med innhald, og der er det venta ein monaleg auke framover. Innhaldet i Språkrådets termwiki har auka på fleire fagfelt, men ansvaret for ein del av innhaldet har blitt overteke av

Matematisk ordliste, og det samla tilfanget har difor gått ned. Nytt av året er oppføringa av emneordlistene Realfagstermer og Humord, som er viktige forvaltarar av norsk fagterminologi på fleire område.

Om dei ulike ressursane

Termportalen er drifta av språksamlingane ved UiB. Han er Noregs største terminologiressurs, og ambisjonane er å gjera han til ein nasjonal termportal. I dag omfattar portalen i hovudsak økonomisk, teknisk og maritim terminologi. Snorre er Standard Norges termbase med teknisk terminologi på ei rekkje område, hovudsakleg henta frå standardar utgjevne i Noreg. EU-basen er Utenriksdepartementets termbase for omsetjing av EU-rettsakter.

MeSH er Folkehelseinstituttets emneordskatalog for helsevesenet, medan Humord og Realfagstermer er emneordskatalogane til fleire universitetsbibliotek. Internasjonal klassifikasjon for sjukepleiepraksis (ICNP) er forvalta av Norsk sjukepleiarforbund og inneheld fleispråkleg helseterminologi.

Språkrådets termwiki er ein termbase for små fagmiljø som ønskjer å registrera og tilgjengeleggjera terminologi. Felles omgrepskatalog er ein termportal utvikla av Brønnøysundregistera som inneheld terminologi frå fleire offentlege verksemdar. Electropedia er ein internasjonal termbase med elektroteknisk terminologi, og Norsk Elektroteknisk Komite (NEK) forvaltar det norske innhaldet.

Matematisk ordliste er ein termbase utvikla av NTNU, UiO og UiA med støtte frå Språkrådet, og som er plassert hjå Norsk matematikkråd. Kollegiet for brannfaglig terminologi utviklar termbasen på sitt fagområde.

Kystverket forvaltar termbasen Akutt forureining, som inneheld harmoniserte omgrep på området. Denne termbasen blir diverre ikkje lenger oppdatert. Finans Norge er termlista til bransjeorganisasjonen med pensjonsrelaterte omgrep, medan Nordisk mobilitet er ein nordisk termbase med terminologi innan utdanning og arbeidsliv.

Nøkkeltal frå årsrekneskapen

	2017	2018	2019
Årsverk	29,78	30,51	31,79
Samla tildeling post 01-78	56 386 000	68 552 000	74 767 000
Samla tildeling post 01-29	35 681 000	37 172 000	41 437 000
Utnyttingsgrad post 01-29	98,6 %	94,0 %	98,7 %
Driftsutgifter post 01	35 190 567	36 588 075	40 882 245
Lønsdelen av driftsutgiftene	74,6 %	72,5 %	71,7 %
Lønsutgifter per årsverk	859 867	867 807	923 427
Lønsutgifter	25 606 845	26 476 804	29 355 750

Språkrådets svarbase

Ei av oppgåvene til Språkrådet er å svara på språkspørsmål. I 2015 oppretta me ein svardatabase med søkbare spørsmål og svar. Her kan ein sjølv sjekka om basen inneheld svar på det ein måtte lura på.

I alt er det publisert 673 artiklar i svarbasen. Språkrådet registrerer tilbakemeldingar frå publikum. Ein stor del av tilbakemeldingane er udelt positive.

«Jeg er fra Nederland og leter veldig ofte etter alt mulig, får bra forklaringer på Språkrådet, denne gang forskjell mellom ennå og enda»



«Fikk vite nøyaktig det jeg var ute etter, og samtidig så fikk jeg vite hvorfor regelen er slik den er. Enklere å huske da!»



«Jeg så etter en enkel definisjon jeg kan bruke for elevene mine. Liker å bruke Språkrådets sider, så mitt mål er at elevene mine skal søke utfyllende informasjon der på egen hånd etter hvert.»





Auke i bruken av svarbasen



1,5 mill

unike sidevisningar
i 2019



25,18 %

fleire unike sidevisningar
samanlikna med 2018





10,57 %

auke i tidsbruk samanlikna
med 2018


1 av 10

nordmenn
kjenner til
svartenesta





54 prosent
har opplevd engelsk-
språkleg betening i
Noreg det siste året



81 prosent
vil helst at beteninga
snakkar norsk

DEL III

Aktivitetar og resultat i 2019



Utvalde høgdepunkt



Vestlandet som fagspråksfyrtårn

Språkrådet har i 2019 følgd opp arbeidet med norsk fagspråk i universitets- og høgskulesektoren. Me har prioritert å følgja opp arbeidet med språkstrategiane ved institusjonane og å tilby praktisk hjelp til å koma i gang med terminologiarbeid. Språkrådet har særleg følgd opp utdanningsinstitusjonane på Vestlandet. Desse har arbeidd godt med språkstrategiane, og me ønskjer å bruka dei som førebilete for andre institusjonar i sektoren. *Foto: Språkrådet*

Nye frukostseminar ved universitet og høgskular

Våren 2019 arrangerte Språkrådet nye frukostseminar for å følgja opp vegvisaren for gode språkval i akademien. I 2018 og 2019 har Språkrådet engasjert 14 av universiteta og høgskulane i Noreg til diskusjon om språkarbeid og språkstrategiar. Dette har auka medvitet om kva ansvar sektoren har for å tryggja og utvikla norsk fagspråk.

I 2019 inneheldt for første gong Kunnskapsdepartementets tildelingsbrev til universitet og høgskular eit eige avsnitt om ansvaret sektoren har for norsk fagspråk. Dette er vidareført i tildelingsbrevet for 2020, og det er eit tydeleg resultat av Språkrådets langsiktige arbeid opp mot sektoren.



Ny stadnamnlov gjev Språkrådet ei tydeleg rolle

Frå 1. juli 2019 er det ein endra versjon av stadnamnlova som gjeld. Endringane gjev eit større ansvar til Språkrådet ved at rådgjevingsapparatet for norske og kvenske namn blir fullt integrert i Språkrådet. Språkrådet får òg nye oppgåver med å driva aktivt informasjonsarbeid om stadnamn. *Foto: Susanne Hætta*

Innspel til nye læreplanar og opplæringslov

I 2019 leverte Språkrådet høringsfråsegn til nye læreplanar i norsk og innspel til arbeidet med ny opplæringslov. Lovutvalet tilrår mellom anna at norsk og samisk får lovfesta status som opplæringspråk i grunnopplæringa, og at elevane skal ha opplæring i både bokmål og nynorsk. Dette er i tråd med tilrådingane Språkrådet gav i høringsrunden.



Språkrådet var vertskap for PLAIN

I 2019 var Språkrådet og Difi vertskap for den internasjonale klarspråkskonferansen PLAIN, som gjekk av stabelen i Oslo. Konferansen blir arrangert annakvart år av organisasjonen Plain Language Association International (PLAIN). Over 400 deltakarar frå 32 land var til stades.

Terminologisamordning i det offentlege

Fleire forvaltningsstandardar for terminologi og ein felles omgrepskatalog for det offentlege kom på plass i 2019. Desse verktøya samordnar forvaltningsterminologi, både på bokmål og nynorsk. Dei legg også til rette for at terminologien kan bli brukt i språkteknologi. Språkrådet har vore ein pådrivar i arbeidet og har delteke med terminologisk rådgjeving saman med fleire andre offentlege verksemder. Det er på dette samfunnsområdet produksjonen av ny terminologi no skjer raskast.



Stor etterspurnad etter språkleg rådgjeving

Stadig fleire bruker språkhjelpsidene og svarbasen til Språkrådet, samtidig som talet på direkte førespurnader på e-post held fram med å veksa. Talet på søk i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* aukar monaleg, og over ein tredjedel av søka skjer no gjennom applikasjonen for mobilar og nettbrett. Den store revisjonen av ordbøkene kom for alvor i gang i 2019, og det har vore ei prioritert oppgåve for Språkrådet å sjå til at arbeidet går etter planen. *Foto: Katrine Gade*

Tettare samarbeid med andre verksemder for språkstyrking

Språkrådet har eit formalisert samarbeid med Statped om arbeidet med teiknspråk og har i 2019 inngått ein tilsvarande samarbeidsavtale med Kvensk institutt – Kainun institutti om arbeidet for kvensk. Det har vore mykje kontakt om moglege språkstyrkingstiltak med grupper som arbeider for romanes. Informasjon om norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes har òg vore ei prioritert oppgåve.

Overordna mål

Det overordna målet for den norske språkpolitikken er å styrkja norsk som fullverdig hovudspråk og sikra både det norskspråklege og fleirspråklege mangfaldet. Tildelingsbrevet for 2019 fastsette tre hovudmål for Språkrådet:

A

Å styrkja statusen
til norsk språk og
bruken av det
i samfunnet

B

Å fremja norsk som
eit godt og vel-
fungerande kultur-
og bruksspråk

C

Å sikra det språklege
mangfaldet og språk-
brukarane sine
interesser

«Tilgang til språk»

Språkdagen 2019

Språkrådets årlege konferanse om språk

4.
april
2019

Mål

Undersøkja korleis
ei ny språklov kan sikra
at alle i Noreg får møta
og bruka språket sitt.

Tema



- språklover i andre land
- teknologi som utfordring for den norske språkpolitikken
- minoritetar i skulen, med vekt på kvensk og norsk teiknspråk
- namn på statlege verksemder

Innhald

- Pierre Coulombe og Jenny Spetz heldt innlegg om språklovene i Canada og Sverige.
- Sigve Gramstad heldt eit innlegg om den europeiske språkpakta og om kva som trengst for å sikra språk under press.
- Sjur Nørstebø Moshagen heldt eit innlegg om korleis teknologien utfordrar den norske språkpolitikken.
- Hilde Sollid heldt eit innlegg om minoritetsspråk i læreplanverket.
- Kaia Borrebæk fortalte korleis det er å vera teiknspråkleg i norsk skule.
- Representantar frå Minerva, BI og Snøhetta deltok i debatten om statlege namn.
- Konferansier Paal Richard Peterson losa publikum trygt gjennom dagen på teiknspråk.



Den kvenske gruppa Beddari Nilsen deltok musikalsk på Språkdagen.



200
deltakarar



Språkdagen blei opna av statssekretær Frida Blomgren. «Kulturdepartementet skal leggja fram ei språklov og ei ny språkmelding. Me treng språkpolitikk fordi maktforholdet mellom dei ulike språka er ujamnt.»

Foto: Trygve Indrelid / NTB scanpix



Arrangert i
Oslo Konserthus,
Lille sal



«Tilgang til språk og det å vareta interessene til kvar enkelt språkbrukar er avgjerande perspektiv i det langsiktige arbeidet vårt. Det er viktig å framheva dette i arbeidet med ny språklov og språkmelding», sa direktør Åse Wetås i avslutningstalen.

Foto: Trygve Indrelid / NTB scanpix



Språkrådet skal medverka til at det sektorovergripande prinsippet i språkpolitikken blir teke vare på.

Nettverksarbeid i universitets- og høgskulesektoren

I 2019 har Språkrådet oppretta kontakt med sentrale statsorgan i universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren) for å øva strategisk innverknad. I tillegg har Språkrådet samarbeidd med fleire universitet og høgskular om språkstrategiane ved institusjonane og oppfølginga av desse. Føremålet har vore å skapa merksemd om det lovpålagde ansvaret sektoren har for norsk fagspråk, og gje råd om kva sektoren kan gjera for å følgja opp dette ansvaret i praksis. Utviklinga av Termportalen i Bergen er òg ledd i det sektorovergripande arbeidet for å sikra norsk som samfunnsberande språk.

Språkrådet har drive omfattande arbeid med å byggja alliansar med statsorgan og organisasjonar i UH-sektoren: Universitets- og høgskulerådet, Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning, Noregs forskingsråd, Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga, Norsk studentorganisasjon og Universitets- og høgskulelovutvalet. Ei viktig oppgåve har vore å få gehør for ei nasjonal støtteordning for utvikling av norsk fag-

terminologi og norskspråklege læremiddel for høgare utdanning. Språkrådet vil halda fram arbeidet med å få på plass ei slik ordning. Ei anna oppgåve har vore å skapa større forståing for at språk, og då særleg norsk fagspråk, må inngå som ein del av kvalitetsomgrepet i sektoren og koma til syne i læringsutbytet på program- og emnenivå. Språkrådet håper å sjå ein sterkare effekt av denne nettverksbygginga i dei komande åra i form av betre parallellspråkarbeid og meir bruk av norsk i universitets- og høgskulesektoren.

Som eit resultat av Språkrådets arbeid med å få universiteta og høgskulane til å utføra dei lovpålagde oppgåvene knytte til norsk fagspråk inneheldt Kunnskapsdepartementets tildelingsbrev til institusjonane i 2019 ei påminning om dette ansvaret. Institusjonane blei òg bedne om å følgja utviklinga og vurdera behovet for tiltak for å styrkja norsk fagspråk. Dette er vidareført i tildelingsbrev for 2020, der institusjonane blir bedne om å ha ei strategisk tilnærming til problemstillinga. Departementet vil òg ta initiativ til ein gjennomgang av språkstrategiane til institusjonane i 2020. Språkrådet meiner dette er eit resultat av den langsiktige innsatsen vår på feltet.



Foto: Milkos / iStockphoto

Nynorskarbeid i kommunesektoren

Som følge av endringar i kommunestrukturen måtte dei nye kommunane og fylkeskommunane gjera nye målvedtak etter mållova § 5. Spørsmålet om kva språk kommunen skal krevja frå staten, og kva språk kommunen skal bruka internt, har ført til debatt fleire stader.

Kommunar som er endra ved at to eller fleire kommunar er slått saman, må gjera nytt målvedtak. Slike vedtak skal meldast til Kulturdepartementet. Sidan 2016 har denne oppgåva vore delegert frå departementet til Språkrådet.

Språkrådet har sendt ut informasjonsskriv til kommunar som skulle slå seg saman, for å sikra at kommunane tek språkpolitiske omsyn i prosessen. Dette har ført til at fleire kommunar har bede Språkrådet om rettleiing. Vestland fylkeskommune og dei nye kommunane i fylket gjorde alle nynorskvedtak før årsskiftet, og med det var dei aktivt med på å sikra nynorsken i kjerneområdet. Nye Ålesund kommune og Midt-Telemark kommune er døme på andre kommunar der nynorsken har kome styrkt ut.

Årets nynorskkommune 2019

Sidan 2016 har Språkrådet hatt som oppgåve å dela ut prisen *Årets nynorskkommune* på vegner av Kulturdepartementet. Prisen er på 100 000 kroner og går til ein kommune som har gjort eit godt arbeid for å styrkja nynorsk som eit levande bruksspråk.

I 2019 vidareutvikla og justerte Språkrådet prisen ut frå eit ønske om å gjera han til eit meir effektivt verkemiddel i arbeidet for meir og betre nynorsk i kommunane. Me konkretiserte kriteria for prisen og opna for at også språknøytrale kommunar kunne vera med i tevlinga. For å gjera prisen meir tilgjengeleg endra me det som før var ein søknadsprosess, til ein nominasjonsprosess.

Språkrådet laga ein kortfilm med fjorårets vinnar, Vinje kommune, der kommunen fekk visa fram kva dei hadde gjort for å bli tildelt prisen i 2018. Ved årsskiftet hadde filmen over 1 250 visningar på YouTube.





Foto: Språkrådet

Filminnspeing i Vinje kommune, som var Årets nynorskommune 2018

➔ Språkrådet ser at endringane i prisopplegget har hatt stor effekt. Konkurransen om prisen for 2019 var rekordsterk: Juryen fekk inn 21 nominasjonar fordelte på 15 kommunar, og nye Ålesund kommune blei tildelt prisen. Språkrådet ser at prisen verkar etter føremålet om å stimulera til god nynorskbruk i kommunane. Med det bidreg han til det sektorovergripande arbeidet for å styrkja nynorsk i forvaltninga.

Arbeid med læreplanar i skulesektoren

I 2019 kom Kunnskapsdepartementet med utkast til nye læreplanar. Dette er eit svært viktig område for den norske språkpolitikken, og Språkrådet leverte ei utførleg fråsegn. I dei endelege læreplanane ser me at Kunnskapsdepartementet har teke lite omsyn til dei faglege tilrådingane og endringsframlegga frå Språkrådet.

Språkrådet er særleg uroa for nynorskkompetansen til elevane. Endringane som er gjorde på innhaldssida i norskfaget og i vurderingsordninga for sidemålet, kan få alvorlege følgjer for norskkunnskapane til elevane og statusen til nynorsken. Læreplanen i norsk er etter Språkrådets syn ikkje i tråd med intensjonane i den norske

språkpolitikken, og effekten vil vera at det blir vanskelegare å nå viktige hovudmål på politikkkfeltet.

På grunnlag av læreplanendringane har Språkrådet teke kontakt med programstyret for evalueringa av fagfornyninga og bede om å få gje konkrete innspel til evalueringsprosjekt. Me ønskjer særleg evalueringar på dei områda der me meiner endringane vil gjera det vanskelegare å nå viktige språkpolitiske mål.

Ny opplæringslov

I samband med den pågåande revisjonen av opplæringslova leverte Språkrådet våren 2019 eit skriftleg innspel til opplæringslovutvalet. I innspelet peikte Språkrådet særleg på rettar knytte til dei mindre brukte språka i Noreg: nynorsk, norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka. Opplæringslova er i praksis ei viktig språklov, og ho bør difor innehalda språkstyrkingstiltak for mindretalsspråkbrukarane.

I *NOU 2019:23 Ny opplæringslov* har opplæringslovutvalet teke omsyn til fleire av innspela frå Språkrådet. Lovutvalet tilrår mellom anna at norsk og samisk får lovfesta status



som opplæringspråk i grunnopplæringa, at elevane skal ha opplæring i både bokmål og nynorsk, at retten til opplæring i kvensk og finsk blir vidareført, og at retten til teiknspråkopplæring blir utvida.

Språkrådet går ut frå at innspela våre har ført til at lovkastet på fleire område styrkjer dei språklege rettane til elevar i den norske skulen.

Læremiddelsituasjonen

Ein viktig del av opplæringslova er retten til å få læremiddel på eiga målform. Lova skil ikkje mellom trykte og digitale læremiddel. Trass i dette er berre få av dei digitale læremidla og læringsressursane som blir brukte i skulen, på nynorsk.

Saman med Forum for nynorsk i opplæringa har Språkrådet arbeidd for ei revidering av lovteksten. Definisjonen av læremiddel bør spissast og tilpassast det digitale læringsmiljøet slik at det ikkje rår tvil om kva som fell under parallellitetskravet. Målet med dette arbeidet er å sikra elevar med nynorsk som hovudmål tilgang til digitale verktøy på deira skriftspråk.

Effektivt mållovstilsyn i offentleg sektor

Det systematiske tilsynsarbeidet Språkrådet gjer, er viktig for å halda nynorskprosenten oppe i statlege tekstar. Gjennom tilsynet gjev Språkrådet individuell tilbake melding til alle statsorgan og departement. Me informerer om reglane som gjeld, om god praksis og om hjelpemiddel. Me søker å gje jamn oppfølging gjennom året, mellom anna ved å følgja med på korleis statsorgana gjennomfører målbruksplanane dei sender oss. For å skuva målvekslingsarbeidet i riktig retning tek me kontakt med overordna departement i sektorar der me ser at fleire organ strever med å oppfylle lovkrava. Ikkje alle statsorgan leverer rapport om målbruk i offentleg teneste kvart år, noko som gjer det vanskeleg å jamføra tala frå eitt år til det neste.

Språkrådet samarbeider tett med Nasjonalbiblioteket (NB) om å laga eit verktøy for digital innhausting av målbruksdata. Effektmåla er enklare rapportering for statsorgana, betre tilsyn og betre målbruk etter gjeldande lovverk. Verktøyet har fått namnet Målfrid. Eitt av måla





Foto: Kim Ramberg/haug

med å innføra digital innhausting er å få eit betre talgrunnlag som i større grad kan seia noko om utviklinga over tid.

Målfrid-prosjektet spring ut av den innsamlinga Nasjonalbiblioteket gjer av alle .no-domena etter pliktavleveringslova, og stør seg såleis på dei same avanserte, teknologiske prinsippa som NBs innhaustar Veidemann. For å sikra god progresjon er dei tekniske arbeidsoppgåvene i Målfrid-prosjektet delte mellom NBs nettredaksjon og Språkbanken.

Per i dag ser det ikkje ut til at Målfrid kan henta inn tal om målbruken i skjema, digitale sjølvbeteningsløysingar og sosiale medium, og det er uvisst om løysinga vil kunna gjera dette i framtida. Verktøyet vil såleis krevja vidareutvikling også etter at det er teke i bruk i statsforvaltninga frå 2021. Testing og utvikling av Målfrid held fram i 2020.

I 2019 mottok Språkrådet i alt 87 spørsmål om brot på mållova. Me har grunn til å tru at dei aller fleste brota ikkje blir rapporterte. Om lag ein tredjedel av førespurnadene (32 av 87) gjaldt eksamensoppgåver i feil målform. ●

«Opplæringslova er i praksis ei viktig språklov, og ho bør difor innehalda språkstyrkingstiltak for mindretalsspråkbrukarane.»

15

kommunar blei
nominerte til prisen
Årets nynorsk-
kommune
2019

«Juryen vil heidra vinnarkommunen for det grundige arbeidet som er gjort i planleggingsperioden, og for det arbeidet kommunen tek sikte på å gjera for å halda på nynorsken.»

2009

prisen har blitt delt
ut sidan 2009 og går
til ein kommune som har
arbeidd for å styrkja
nynorsk som
bruksspråk





Språkrådet skal arbeida for å sikra norsk språk på samfunnsområde der språket er under særleg press.

Norsk fagspråk under press

Språkrådet følgjer med på offentlege oversyn over fordelinga mellom engelsk og norsk i undervisning, i masteroppgåver og doktoravhandlingar på universitet og høgskular, og på undersøkingar av språkbehov i arbeidslivet. Resultata frå desse og frå våre eigne undersøkingar blir brukte til å analysere situasjonen, deretter blir dei gjort kjende for å stimulera til endring. Me ser ein auke i bruk av engelsk på alle område i UH-sektoren og har i 2019 prioritert å arbeida for å styrkja norsk fagspråk på flest mogleg fagområde.

Språkrådet har etter lanseringa av *Vegvisar for språkval i universitets- og høgskulesektoren*, som blei fullført i 2019, registrert at fleire av institusjonane i høgare utdanning har utarbeidd nye og meir detaljerte språkstrategiar. Dei inneheld tydelege mål om å utarbeida norsk fagterminologi og tilby norskopplæring til utanlandske tilsette. Me ser at Språkrådets vegvisar har blitt og blir brukt i dette arbeidet. Fleire institusjonar har òg oppretta eigne

språkpolitiske utval som eit ledd i arbeidet med å setja i verk og følgja opp språkstrategiane. Etter kvart som desse strategiane blir sette i verk, håper Språkrådet å sjå ei styrking av norsk fagspråk og eit større medvit om at også norsk er viktig i høgare utdanning.

Språkrådet har i 2019 oppretta fleire termgrupper i universitets- og høgskulesektoren for å motverka svekkinga av norsk fagspråk generelt og nynorsk fagspråk spesielt. Fire institutt har takka ja til termkurs i ei noko nedskalert form, og vinteren 2020 blir det halde kurs for fagmiljø innan elektroniske system, teknisk kybernetikk, elkraftteknikk og språk og litteratur.

Effekten av tilbodet om terminologikursing i UH-sektoren har i 2019 vore mindre enn me gjerne skulle sett. Me ser at ei hovudutfordring er mangel på ressursar, tid og insentiv ved UH-institusjonane til å driva systematisk arbeid med fagspråket. Språkrådet vil framover prøva å tilpassa tilbodet til den ressursituasjonen som finst i



Foto: NTNU SVT/Nils Haldal


sektoren i dag, samtidig som me vil arbeida for betre insentiv- og publiseringsordningar for terminologiarbeid.

Digitalt medietilbod – også på norsk

I den strategiske planen for Språkrådet som gjeld perioden 2016–2019, er målet innanfor kultur- og mediesektoren at det norskspråklege tilbodet må vera breitt nok til å kunna hevda seg i tevling med angloamerikansk kultur- og medieindustri, og at ein særleg må arbeida for eit godt tilbod på nynorsk. Også rapporten *Språk i Norge – kultur og infrastruktur* peiker på mediesektoren som eit viktig innsatsområde for norsk språkpolitikk framover.

I 2019 har arbeidet særleg vore retta mot det digitale medie- og kulturtilbodet for barn og unge. Sidan 2017 har Kantar TNS kartlagt kva språk barn og unge møter i media dei bruker. Kvart år har tala vist at det er på dei digitale flatene at unge møter minst norsk. Språkrådet har difor arbeidd med å etablera nettverk blant sentrale aktørar, både i forvaltninga og utanfor, som arbeider med

produksjon, distribusjon og analyse av digitalt innhald. Slik har det i 2019 lukkast Språkrådet å få inn spørsmål om språk i Medietilsynets undersøking «Barn og medier», som går ut til nærare 5 000 barn og unge i alderen 9–18 år. Dei første resultatane frå undersøkinga er venta våren 2020 og vil vera viktige for Språkrådets vidare strategiske arbeid. Språkrådet har òg arbeidd med å få fleire dataspel på nynorsk, eit arbeid som særleg har retta seg mot innkjøpsordninga for dataspel til biblioteka. Her er det knytt kontakt med Norsk filminstitutt, Norsk Bibliotekforening, Framtida.no og Vestland fylkesbibliotek. Arbeidet med å få på plass endringar i verkemiddel- og insentivapparat for å sikra meir nynorsk i dataspel vil halda fram i 2020. ●



Språkrådet skal arbeida for at offentlege og private verksemder i Noreg får auka tilgang til, og tek i bruk, teknologiske språkressursar på norsk.

Samarbeidsavtale med Nasjonalbiblioteket

Kulturdepartementet løyvde i 2019 10 millionar kroner til utvikling av grunnlagsressursar for språkteknologi i Språkbanken. Med midlar frå denne løyvinga har Språkrådet styrkt arbeidet sitt for språkteknologi på norsk med ei ny rådgjevarstilling på feltet.

Språkrådet og Nasjonalbiblioteket har i 2019 formalisert samarbeidet etter at begge etatane fekk eit slikt oppdrag i tildelingsbrevet. Språkrådet og Nasjonalbiblioteket har utarbeidd ein felles plan for styrking av den nasjonale satsinga på digitale språkressursar. Satsinga skal utvida og utvikla strategisk viktige norske grunnlagsressursar til bruk i språkteknologi.

Hovudmålet er å sikra at norsk er integrert og tilgjengeleg i alle digitale løysningar. Løysingane må liggja føre både på bokmål og nynorsk, og ulike talemål må vera integrerte i løysingar for taleattkjening. Språkrådet har ifølgje planen eit særleg ansvar for at dei grunnlagsressursane som blir tilførte Språkbanken, skal gjera det mogleg å gjennomføra språkpolitikken på feltet. Språkrådet har òg

ansvar for å kartleggja kva for ressursar utviklarar av språkteknologi treng for at produkta skal vera i tråd med språkpolitiske mål. I tillegg har Språkrådet hovudansvar for dialogen med offentlege og private verksemder om kor viktig det er å dela og gjenbruka språkdata.

Resultatet av arbeidet er at Språkbanken blir vidareutvikla i tråd med språkpolitiske prioriteringar. Dette inneber ei særskild satsing på å gjera taledata og nynorske tekst-korpus tilgjengeleg, sidan det er her me finn dårlegast tilbod og størst etterspurnad frå utviklarar.

Språkrådet har òg eit samarbeidsprosjekt med Stord kommune, Høgskulen på Vestlandet, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Nasjonalbiblioteket om innsamling av nynorsk tekst. Prosjektet har ført til eit nytt korpus av nynorsktekstar og eit nyutvikla verktøy for å skilja nynorsktekst frå bokmålstekst. Det er òg etablert ein metode som kan brukast vidare for nye innsamlingsprosjekt. Begge desse resultatane er av stor verdi i arbeidet med å styrkja nynorsk i bruk på digitale flater.



Foto: Nasjonalbiblioteket



Foto: Getty Images

Kontakt med utviklarmiljøet

Språkrådet og Nasjonalbiblioteket skal halda årlege møte med utviklarar. Denne kontakten har to føremål: Det eine er å henta inn informasjon om kva ressursar utviklarane har behov for, slik at ein kan prioritera kva for datasett som blir utvikla og tilførte Språkbanken. Det andre er å informera utviklarmiljøet om kva som faktisk finst i banken. Eit møte i januar 2019 gjorde Microsoft merksame på tale-dataa i banken. Seinare same år presenterte selskapet taleattkjenning på norsk, som er utvikla ved hjelp av desse ressursane. Dette er eit direkte resultat av Språkrådets og Nasjonalbibliotekets arbeid med å formidla data frå Språkbanken.

Kartlegging av bruk og framtidige behov for språkteknologi i det offentlege

Språkrådet og Difi sende i 2019 ut ei undersøking til 190 statlege og 436 kommunale verksemdar for å kartleggja bruken av språkteknologi i verksemdene i dag og kva tenester og verktøy dei ser for seg å ta i bruk i framtida. Resultata frå undersøkinga skal vera styrande for kva for grunnlagsressursar som blir prioriterte og tilførte Språkbanken. Undersøkinga gjer i tillegg verksemdene

merksame på Språkrådets rolle som språkteknologisk rådgjevingsteneste for det offentlege.

Deling av data

Språkrådet har i 2019 møtt arbeidsutvalet til Skate-nettverket (styring og koordinering av tenester i e-forvaltning) og fått i stand eit nært samarbeid med Difi (no Digitaliseringsdirektoratet) om deling av språkdata. I 2019 har me merka auka forståing for slik deling, og fleire offentlege etatar har vist interesse for å levera frå seg data. Det har òg kome inn ei tilråding i Digitaliseringsrundskrivet for 2020 om tilgjengeleggjing av språkdata. Dette er mellom anna eit resultat av Språkrådets arbeid, og det fører til at statsorgana får kunnskap om meirverdien av å tilgjengeleggjera, dela og gjenbruka språkdata, på lik line med andre typar data.

Internasjonalt samarbeid

Både Språkrådet og Nasjonalbiblioteket deltek i ELRC (European Language Resource Coordination) – eit europeisk samarbeid for automatisk omsetjing mellom språk i EU, Noreg og Island. Samarbeidet har mellom anna resultert i ein rapport som viser kor viktig datadeling er



Ressursar som er lagde ut i Språkbanken i 2019:

- Uttaleleksikon for bokmål frå Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek
- Tekstar frå Wikipedia på bokmål, nynorsk og nordsamisk
- NorNe – Norwegian Named Entities
- Termdatabasen SNORRE
- Omsetjingsminne frå Nynorsk pressekontor
- Omsetjingsminne frå Standard Norge
- Omsetjingsminne frå Amesto Translations AS

➔ for å sikra språkleg mangfald og effektive offentlege tenester i Europa. Utveksling av erfaringar med andre land har gjeve auka merksemd rundt innsamling av omsetjingsminne spesielt og språkdata generelt. Bokmål er gjort tilgjengeleg i det automatiske omsetjingsprogrammet eTranslation. Ved hjelp av eit parallellkorpus med tekst på bokmål og nynorsk vil det vera mogleg å få i stand omsetjing vidare til nynorsk.

Samordning og vidareutvikling av terminologi i det offentlege

Språkrådet er nasjonalt samordningsorgan for terminologiarbeid og har dei siste åra fått ei tydelegare koordineringsrolle på dette feltet. Satsinga på digitalisering og elektronisk informasjonshandsaming har ført til eit omfattande terminologiarbeid i det offentlege for å fastsetja fagtermar og definera og harmonisera omgrep på ulike område. Terminologiarbeidet styrkjer norsk forvaltningsspråk, særleg nynorsk fagterminologi, og bidreg med språkdata til utvikling av språkteknologiske produkt. Språkrådet har bidrege aktivt i dette arbeidet med kurs, seminar og terminologisk rådgjeving.

Felles grunnmur

Tre forvaltningsstandardar for terminologi i det offentlege kom på plass i 2019. Dei blei utvikla av Språkrådet i nært samarbeid med Difi og andre offentlege verksemdar.

Standardane sikrar at offentlege verksemdar fastset fagtermar og definisjonar i eit felles format, og dei gjer det mogleg å tilgjengeleggjera og utveksla termar og definisjonar automatisk mellom ulike tekniske løysingar. Standardane vil effektivisera terminologiarbeidet ved at termbasar og andre digitale løysingar kan hausta fagtermar og definisjonar av kvarandre.

I 2019 leia Språkrådet også arbeidet med å revidera ein forvaltningsstandard for omgrepsharmonisering og -differensiering, som venteleg vil stå klar i 2020. Standarden er ei oppskrift på korleis ulike verksemdar kan samarbeida for å etablere felles omgrep. Han vil difor bidra til eit presist forvaltningsspråk og eit digitaliseringsvennleg lovspråk. Denne standarden er eit viktig fundament for god og brukarvennleg digitalisering av statlege tenester.

Felles løysingar: Felles omgrepskatalog og Termportalen

Felles omgrepskatalog er utvikla av Brønnøysundregistra i nært samarbeid med Språkrådet og fleire andre statlege verksemdar. Det er ei teknisk løysing der offentlege verksemdar kan registrera fagtermar og definisjonar og gjera dei tilgjengelege i ein felles portal. Katalogen gjer det mogleg å driva effektiv, sektorvis språkrøkt på terminologifeltet ved at offentlege verksemdar må registrera og publisera terminologi på begge målformer. Nynorske



fagtermar må truleg lagast på ei rekkje nye forvaltningsområde. Felles omgrepskatalog vil gjera fagtermene tilgjengelege for alle og spreia dei gjennom ulike digitale løysingar.

I dag har fleire verksemder teke i bruk løysinga, og venteleg vil tilfanget auka monaleg framover. Ansvar for å røkta terminologien er plassert hjå dei ulike verksemdene, og på denne måten blir innhaldet i Felles omgrepskatalog stadig oppdatert.

Språksamlingane ved Universitetet i Bergen har teke over ansvaret for Termportalen. Termportalen har ambisjonar om å bli ein nasjonal, sektorovergripande portal som skal gjera det mogleg å søkja og finna kvalitetssikra fagterminologi på ei rekkje område, både i og utanfor universitets- og høgskulesektoren, gjennom eitt søkjefelt. I 2019 arbeidde Språkrådet for ei fast finansiering av Termportalen og etablering av eit tilhøyrande fagmiljø i tett samarbeid med UiB og Noregs handelshøgskule (NHH). Desse tre samarbeidspartane står bak eit forprosjekt som leverte ein rapport med tilrådingar i desember 2019. Språkrådet ser på Termportalen som eit strategisk verktøy for arbeidet med å styrkja norsk fagspråk, særleg på fagområde som er utsette for press frå engelsk.

Både Termportalen og Felles omgrepskatalog vil spela nøkkelroller for å gjera norsk språk rusta for ei digital

framtid, og innhaldet i dei vil kunna integrerast i ulike former for informasjonsarbeid, òg i samband med klarspråk.

Gjenbruk av terminologi til språkteknologi

Terminologi er ein viktig grunnlagsressurs for utvikling av språkteknologiske produkt, særleg på spesifikke område som helse og skatt. Terminologi er strukturerte språkdata som er naudsynete for å utvikla samtalerobotar (chatbots), automatisk omsetjing, tale-til-tekst og andre produkt som blir nytta på område med eigne omgrepsapparat.

Felles omgrepskatalog har no lagt til rette for at Språkbanken og språkteknologiverksemder kan hausta, lagra og gjenbruka det terminologiske innhaldet utan juridiske restriksjonar. Omgrepskatalogen spelar difor ei sentral rolle som leverandør av områdespesifikke, oppdaterte språkdata til ny språkteknologi på norsk. Termportalen ved UiB vil kunna ha ein liknande funksjon dersom finansiering kjem på plass.

Standardane, Felles omgrepskatalog og Termportalen vil gjera det mogleg for Språkrådet å fungera langt meir effektivt som nasjonalt samordningsorgan for terminologiutvikling og som tilretteleggjar for norsk språkteknologi.



Språkrådet skal arbeida for eit betre og klarare forvaltningspråk.

Utvikling på klarspråksfeltet

Språkrådet har arbeidd systematisk med klart språk i det offentlege sidan 2006, i tett samarbeid med Difi og etter kvart KS og Universitetet i Oslo. Fagfeltet er i stadig utvikling. Det viktigaste gjennomslaget i 2019 er at kravet til å bruka klart språk kan bli lovfesta i to lover:

I 2019 blei det lagt fram utkast til ny forvaltningslov og tilhøyrande proposisjon. Den nye lova inneheld ein eigen paragraf om forvaltningspråket. Her blir det mellom anna slått fast at forvaltningsorgana skal bruka eit språk som er «klart, presist og så vidt mulig tilpasset mottakeren». Det er eit viktig signal at forvaltningslovutvalet både i utgreiinga og lovtkastet legg så stor vekt på språk.

I 2019 blei det dessutan lagt fram eit utkast til ny språklov. Også her heiter det at offentlege organ skal bruka klart språk: «Offentlege organ skal føre eit språk som er klart og forståeleg for dei det rettar seg til.»

Klart språk i offentleg sektor er også eit tema i det nasjonale strategidokumentet *Én digital offentlig sektor*.

Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019–2025, lansert i juni 2019.

Klarspråk.no

Ei av hovudprioriteringane i 2019 har vore å utvikla nettstaden klarspråk.no. Føremålet med nettstaden er å tilby ei verktøykasse for offentleg tilsette som vil forbetra språket sitt eller gå i gang med eit klarspråksprosjekt. Med ein innhaldsrevisjon og ein moderne og brukarvennleg utsjånad vil nettstaden vera ein føretrekt stad å finna rettleiing i klarspråk. Den nye nettstaden blir lansert våren 2020.

Klarspråksprisane

I 2019 var det tiårsjubileum for utdelinga av klarspråksprisane. Prisane er forvaltningsprisar og forankra i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Språkrådet er sekretariat for juryen. Klarspråksprisane har vore eit samarbeid mellom Språkrådet, Difi og KS og inngår i eit overordna arbeid for å utvikla klarspråksfeltet. For 2018 blei det delt ut ein hovudpris for staten og ein hovudpris for kommunane. I tillegg blei utmerkinga «Årets trekk-



Gunn Marit Helgesen, styreleiar i KS, Åse Wetås, direktør i Språkrådet og Steffen Sutorius, direktør i Difi, under utdelinga av klarspråksprisane.

Foto: Difi

hund» delt ut. Den går kvart år til ei eldsjel på klarspråksfeltet.

Prisane blei delte ut av statsråd Monica Mæland på eit frukostseminar i Oslo Konserthus. Arrangementet er ein av få opne, fysiske møteplassar som er att etter at prosjektet «Klart språk i staten» blei avslutta. Oppslutninga om arrangementet er svært god. Det viser at behovet for inspirasjon og fagleg påfyll er stort. Arbeidet med prisane gjev oss innsikt i kva som skjer på klarspråksfeltet, og gjer at me kan spissa den vidare innsatsen vår. Difor ønskjer me å prioritera prisane i klarspråksarbeidet framover.

Klarspråksprisane heng høgt, og nivået på kandidatane blir høgare for kvart år. Dette viser at klarspråksarbeidet er godt etablert og at kompetansen aukar. Samtidig skulle me gjerne sett endå fleire søkjarar til prisane. Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal gjera ei større evaluering av klarspråksprisane, og Språkrådet har sendt innspel til korleis me kan utvikla prisane vidare.



Foto: Difi



Foto: Difi





Christine Calvert leia
PLAIN-konferansen i
september. Foto: Språkrådet

→ PLAIN

I september 2019 var over 400 deltakarar frå 32 land samla i Oslo på den internasjonale konferansen PLAIN. Konferansen blir arrangert annakvart år av organisasjonen Plain Language Association International (PLAIN), og i 2019 var Språkrådet og Difi lokale arrangørar. Temaet for konferansen var «Klar kommunikasjon – klare resultat». 125 føredragshaldarar frå 25 land heldt innlegg om korleis klarspråk har gjeve gode resultat.

Målet for konferansen var å undersøkje og visa korleis ein kan sjå effektar av klarspråk i ein større samanheng i samfunnet. Rettstryggleik og demokrati var eit viktig område for konferansen, og Språkrådet samarbeidde med Det juridiske fakultet ved Universitetet i Oslo om ein parallellsesjon om klart lovspråk. I evalueringa av konferansen ser me at deltakarane lærte nye metodar, fekk nye perspektiv og er blitt inspirerte til å halda fram med språkarbeidet. Deltakarane som svarta på undersøkinga, meinte programmet var av høg kvalitet, og at dei lærte mykje dei kunne ta med attende til arbeidet sitt.

Spesielt viktig for deltakarane var høvet til å vidareutvikla nettverk. Evalueringane viser at fysiske møteplassar framleis er svært viktige for å testa og utvikla idear og utveksla erfaringar. For Språkrådet har konferansen ført til internasjonal merksemd og samarbeid med nye partnarar, og han har gjeve oss eit godt grunnlag for å planleggja og utvikla klarspråksarbeidet nasjonalt i åra framover. Konferansen gav òg oversyn over klarspråksarbeidet i staten og kommunane.

Klarspråkskurs

Målet med alle Språkrådets klasseromskurs er å gje hjelp til sjølvhjelp. Den strukturerte, forpliktande modellen for klarspråkskurs som Språkrådet utvikla og tok i bruk i 2017 og 2018, er systematisk evaluert.

Evalueringane av klarspråkskurser tyder på at dei verkar etter føremålet, og at aktuelle tekstar blir forbetra og tekne i bruk. Tilbakemeldingane viser at tilsette i statsorgan som får kurs av Språkrådet, jamt over er engasjerte og vil følgja opp kurset, og at dei blir meir medvitne skribentar.



Foto: Scampix

Nettkurset i klarspråk, «Den gylne pennen» (laga av Språkrådet og Difi i 2016), er mykje brukt av statstilsette og andre. Nettkurset dekkjer truleg mykje av behovet for grunnleggjande kunnskap om klarspråkteknikkane, men etterspurnaden etter ordinære klasseromskurs der deltakarane får arbeida med eigne tekstar i gruppe, er framleis stor. Av ressursårsaker har Språkrådet i 2019 nedprioritert klasseromskurs og i staden retta den strategiske innsatsen mot helsesektoren og arbeidet med lovspråk. I tillegg har planlegging og gjennomføring av den internasjonale konferansen PLAIN vore ei sentral arbeidsoppgåve.

Nynorskurs

Språkrådet ser mållovsarbeidet og kursarbeidet i samanheng, og i 2019 har me halde i alt tolv klasseromskurs i nynorsk. Fleire av kursa er haldne for statsorgan som har teke kontakt etter at Språkrådet har peikt på manglande oppfølging av målbruksreglane. Me har òg halde fleire opne nynorskurs, mellom anna i Trondheim – eit kurs som blei fullteikna og hadde deltakarar frå fem ulike statsorgan i Midt-Noreg. I tillegg har nesten 800 teke nettkurset «Oi, på nynorsk!» i 2019.

Nynorskurs gjev deltakarane og statsorgana dei representerer, gode verktøy i vidare språkarbeid. Det viser den systematiske evalueringa av kursverksemda, som blei starta i 2018 og vidareført gjennom 2019. Me ventar òg at kursa vil styrkja nynorskarbeidet i verksemdene.

Arbeidet med språk i lover og forskrifter

Lover og forskrifter påverkar avgjerder på alle nivå i samfunnet, og språket i regelverk påverkar språket i andre viktige dokument frå offentleg sektor. Klarare språk i regelverk vil føra til klarare forvaltningsspråk på dei områda der reglane gjeld. Dessutan er det lettare å digitalisera klart formulerte reglar. Det er difor effektivt klarspråksarbeid å prioritera arbeidet med kvalitetssikring av språket i lover og forskrifter.

Status

Interessa for språkleg kvalitet i lover og forskrifter er aukande. Språkrådet får stadig fleire førespurnader om hjelp med å kvalitetssikra språket i lov- og forskriftstekstar og har valt å prioritera slikt arbeid også i 2019. Alle utval som har bede om hjelp, har fått det.



Språkrådet og Difi har utvikla skriveverkstader som arbeidsmetode i lovspråksarbeidet. Metoden har vore i bruk sidan 2014.

ÅR	Tal på skriveverkstader
2014	5
2015	26
2016	13
2017	10
2018	13
2019	20
Til saman	87

→ Klart språk og ryddig struktur inngår i mandatet til fleire utval som skal skriva nye eller revidera eksisterande lover, men det er usikkert i kva mon språklege krav i mandatet blir følgde opp i praksis. Det er difor grunn til å tru at talet på førespurnader til Språkrådet ikkje speglar det faktiske behovet for språkleg kompetanse i lovarbeidet.

Aktivitetar og resultat

I 2019 har Språkrådet hjulpet departement, statsorgan og lovutval med språkleg kvalitetssikring av ny barnevernslov, ny vallov, ny barnelov, ny hamne- og farvasslov, ny opplæringslov, ny rettshjelpslov og ny forskrift om mennerstatning ved pasientskadar. Det er viktig å påpeika at det ikkje er Språkrådet som legg siste hand på verket. Mykje kan skje med tekstane etter den språklege kvalitetssikringa.

Språkrådet og Difi har utvikla tverrfaglege skriveverkstader som arbeidsmetode. Dette fungerer svært godt. Metoden har vore i bruk sidan 2014 og bør nyttast når viktige lover skal skrivast eller reviderast. Med denne metoden er det lettare å oppklara mistydingar og få gjennomslag for endringar, til dømes framlegg om å endra uheldig bruk av omgrep.

Det er meininga at lovskrivarar som får hjelp frå Språkrådet, skal heva skrivekompetansen sin og bruka han i anna lovarbeid. I praksis har det vist seg at opparbeidd skrive-

kompetanse i svært liten grad blir brukt og overført internt i departementa.

Lovutval og departement gjev uttrykk for at dei har hatt god nytte av hjelpa frå Språkrådet. Det er grunn til å tru at lovttekstane blir meir forståelege, og at skribentane som får hjelp i lovarbeidet, blir meir språkleg medvitne. Tilbakemeldingar viser at rett språkfagleg kompetanse er avgjerande i slikt lovsamarbeid. Denne kompetansen er mangelvare.

I 2019 har Språkrådet laga ei samla utgreiing av arbeidet vårt med språk i lover og forskrifter der me peiker på utfordringar og kjem med framlegg om tiltak på dette feltet. Me har òg arbeidd med ein nettbasert språkrettleiar, som vonleg kan bli eit godt praktisk verktøy for lovskrivarar og på lengre sikt bidra til å heva kvaliteten på språket i regelverk.

Nynorsk og bokmål i lover og forskrifter

I lover og forskrifter er det stadig overvekt av bokmål. Ei oppteljing gjord av Kulturdepartementet i 2012 viser at om lag 15 prosent av alle gjeldande lover er på nynorsk. I tekstmengd utgjer nynorsklovene snautt 10 prosent. Det er ikkje gjort noka ny oppteljing sidan. Dei aller fleste nye lovene som har kome dei siste åra, er på bokmål. Alt i alt er det lite som tyder på at det blir gjort ein innsats for å auka talet på lover på nynorsk.

«Lovutval og departement gjev uttrykk for at dei har hatt god nytte av hjelpa frå Språkrådet. Det er grunn til å tru at lovtekstane blir meir forståelege, og at skribentane som får hjelp i lovarbeidet, blir meir språkleg medvitne.»

Når gjeldande lover på nynorsk skal reviderast, er det ikkje heilt uvanleg at dei nye versjonane kjem på bokmål. Døme på det er den nye arvelova (Justis- og beredskapsdepartementet) og den nye lova om trudoms- og livssynssamfunn (Kulturdepartementet). Det kan sjå ut til at òg den nye arkivlova (Kulturdepartementet) kjem på bokmål. Dette bryt med politikken om å styrkja nynorsken og gjer det vanskeleg å nå målet om at minst 25 prosent av tekstmengda i lovverket skal vera på nynorsk, slik det er skissert i *Mål og meining*.

Språkrådet oppmodar departementa om ikkje å skifta målform når nynorske lovtekstar skal reviderast, og om å velja nynorsk som målform i nye lover.

Regelverket er eit viktig domene for nynorsken. Departementa har eit ståande tilbod frå Språkrådet om kvalitets-sikring av lovtekstar på nynorsk og omsetjing av viktige lovtekstar til nynorsk.

Etter fleire års arbeid med lovtekstar kan Språkrådet visa til

- betre språkleg kvalitet i fleire viktige lovtekstar
- betre medvit generelt om klart lovspråk
- ein tverrfagleg arbeidsmetode som er lærerik og fungerer godt
- mykje praktisk erfaring og spesialkompetanse som kan brukast i arbeidet med andre lovtekstar
- etablert kontakt med viktige fagmiljø



Språkrådet skal syta for ei samordna og effektiv hand-saming av stadnamnsaker.

Prøveordninga med samordning av stadnamntenesta for norske og kvenske stadnamn starta opp i 2018 og heldt fram gjennom heile 2019. Både Språkrådet og fagrådet for stadnamn leverte inn høyringssvar til framlegget om endringar i lov om stadnamn. Lovendringane, som blei vedtekne i juni og tok til å gjelda frå 1. juli 2019, har gjort at stadnamntenesta no er ein fullt integrert del av Språkrådet. Med dette har Språkrådet fått eit tydeleg, overordna ansvar for namnetilrådingane etter stadnamnlova. Lovendringane inneber òg nokre justeringar med omsyn til sakshandsaming for stadnamntenesta og visse føringar for tolkinga av regelverket.

Endra organisering av stadnamntenesta

På bakgrunn av føringar frå Kulturdepartementet blei det sett i verk ei prøveordning for organisering av stadnamntenesta i siste halvdel av 2018. Tidlegare var det fire regionale tenester med til saman åtte oppnemnde konsulentar for norske stadnamn, i tillegg til sekretærar tilsette i Språkrådet. I prøveordninga har det vore ei felles

stadnamnteneste for norske namn med til saman fire konsulentar, og i tillegg rådgjevarar tilsette i Språkrådet. Konsulentane er, saman med konsulenten for kvenske namn, oppnemnde som medlemmer i eit fagråd for stadnamn. Fagrådet for stadnamn drøftar overordna spørsmål og praksis i stadnamnsaker. Fagrådet hadde til saman fem møte i løpet av 2019. Ei evaluering av den nye ordninga viser at både fagseksjonen og namnekonsulentane meiner at denne organiseringa er ryddig, at det er eit godt samarbeid mellom konsulentane og rådgjevarane, og at det er høve til å drøfta overordna og prinsipielle spørsmål.

Tilskotsordning for stadnamn

Tilskotsordninga for innsamling og registrering av stadnamn har halde fram. Ved utgangen av 2019 var det registrert over 63 000 innsamla stadnamn i databasen *Stedsnavn i Norge*. Databasen inneheld både kvenske, samiske og norske stadnamn. 41 245 av desse hadde ved utgangen av året status som ferdige i basen. Tilskota til innsamling og registrering av stadnamn bergar ei mengd



stadnamn som elles ville ha gått tapt. Desse stadnamna har ein unik verdi som kulturminne, og dei registrerte namna kan mellom anna koma til nytte i lokal formidling og undervisning, ved standardisering av kart og i stadnamnforsking.

I det internasjonale stadnamnarbeidet er det Språkrådet som leiar Norden Division av UNGEGN (frå engelsk United Nations Group of Experts on Geographical Names). UNGEGN arrangerte eit møte i New York i månadsskiftet april-mai 2019 der fleire frå den norske delegasjonen bidrog.

Gjennom 2019 har prøveordninga for å oppnå ei ryddigare organisering av stadnamntenesta vist seg å vera vellukka. Behovet for å styrkja rådgjevarsida i stadnamntenesta har gjennom året vist seg å vera til stades, slik at det blir gjeve samordna og kvalitetssikra namnetilrådingar i heile landet. Den reviderte stadnamnlova fører med seg auka behov for kunnskap om stadnamn. I 2019 løyvde Kultur-

departementet midlar til at Språkrådet skulle utvikla eit e-læringskurs om stadnamnlova. Eit slikt kurs er planlagt utarbeidd i 2020.

For det framtidige stadnamnarbeidet i Noreg er det framleis like avgjerande at namnesamlingane ved Universitetet i Bergen og andre stader blir samordna i digitale løysingar som er tilgjengelege for alle, og at stadnamnfaget blir revitalisert som forskings- og undervisningsdisiplin. ●



Språkrådet skal styrkja kunnskapen i samfunnet om rettskrivningsnormer og god og korrekt språkbruk.

Bruken av rettskrivningsressursane *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* på nettet og som app aukar stadig. Det er òg fleire som søker råd på nettsidene til Språkrådet, både i svarbasen og under fana Språkhjelp. Den omfattande revisjonen av ordbøkene held fram som planlagt.

Fleire informasjonskanalar

Språkrådet formidlar kunnskap om rettskrivinga og om god og korrekt språkbruk på ulike måtar. Me gjer det gjennom *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, gjennom nettsidene våre, i sosiale medium og gjennom direkte kontakt med publikum. Normerings saker blir handsama i fagrådet for normering og språkoobservasjon før dei blir vedtekne av styret i Språkrådet, jf. tabellar side 50-51.


Språkhjelpsseksjonen og svarbasen er framleis dei mest besøkte områda på nettsidene våre. I spalta «Aktuelt ord» blir det greidd ut om ulike språkbrukstema kvar veke, og innhaldet blir også spreidd i sosiale medium. I direkte rådgjeving er talet på e-postsvar og telefonsvar om lag som i 2018. Talet på telefonspørsmål er redusert til ca. ein tredjedel samanlikna med 2017 etter at telefontida er blitt

innskrenka. Ei systematisk rådgjeving som når mange, er viktig for kunnskapen om godt og normert norsk språk.

Alle vedtak i normerings saker blir formidla på nettsidene til Språkrådet. Nytt i 2019 er at det no er mogleg å abonnere på nyhende brev om rettskrivingsendringar. Slik kan interesserte få informasjon om nye rettskrivingsvedtak direkte per e-post raskt etter at vedtaka er gjorde. Ved utgangen av 2019 var det om lag 330 som abonnerte på nyhendebrevet. Godkjenning av ordbok- og ordlisterressursar som skal brukast i skulen, skjer no mest mogleg automatisert gjennom kontroll mot Norsk ordbank.

Ordbøkene og revisjonsprosjektet

Det store prosjektet for revisjon av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, som er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen og Språkrådet, held fram som planlagt. Eit velfungerande redigeringsverktøy er no på plass, samtidig som det er utvikla ei korpusløyising som samlar dei viktigaste kjeldene i eitt søkjegrensesnitt. Det er likevel utfordrande å utføra alle revisjonsoppgåvene prosjekt-søknaden legg opp til, i tråd med framdriftsplanen. Ei



klarare prioritering av deloppgåvene kombinert med at Språkrådet mellom anna har teke over sluttkorrektura, er tiltak som skal medverka til å halda den planlagde framdrifta.

I 2019 blei det til saman gjort 53,7 millionar søk i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Det er ein auke på 8,3 millionar søk samanlikna med 2018. Auken i bruk utgjer 18 prosent og heng saman med at appen Ordbøkene blir stadig meir brukt. I 2019 lasta 32 000 personar ned appen til telefon eller nettbrett.

Enkel tilgang til rettskrivingsinformasjon

Bokmålsordboka og *Nynorskordboka* er den mest effektive reiskapa for å spreia oppdatert informasjon om offisiell rettskriving. Me ser ein stadig auke i talet på søk dei siste åra. Ein markert auke i talet på søk på eksamensdagane for norsk i grunnskulen og vidaregåande skule viser at ordbøkene er ein mykje brukt ressurs. Språkrådet registrerer også at mange brukarar kjem frå andre land og har eit anna morsmål enn norsk.

Trass i auken i bruken av dei digitale rådgjevsressursane, som språkhjelpssidene og svarbasen, går ikkje talet på direkte førespurnader til rådgjevingstenesta ned. Me registrerer samla sett ei monaleg auka interesse for rettskrivingsinformasjon og annan informasjon om norsk og dei minoritetsspråka Språkrådet har ansvar for. For å møte interessa frå publikum vil me byggja ut den informasjonen som er tilgjengeleg i digitale kanalar, og dermed når mange brukarar, endå meir. Slik kan rådgjevingstenestene i større grad arbeida i tråd med føremålet om å auka kompetansen i språkbrukarsamfunnet.



Normeringsvedtak 2019



Vedtak som gjeld både bokmål og nynorsk		
Før	Endring	No
<i>e(i)n eller e(i)t aspekt, comeback</i>	endring frå valfritt han- eller inkjekjønn til berre inkjekjønn	<i>e(i)t aspekt, comeback</i>
<i>e(i)n eller e(i)t CV/cv, dyffel, fenol, fysiognomi, grus, kanvas, krangel, lyng, mugg 'rusk', sagmugg, tang 'algar', voks</i>	endring frå valfritt han- eller inkjekjønn til berre hankjønn	<i>e(i)n CV/cv, dyffel, fenol, fysiognomi, grus, kanvas, krangel, lyng, mugg 'rusk', sagmugg, tang 'algar', voks</i>
<i>e(i)t sorbitol</i>	endring frå inkjekjønn til hankjønn	<i>e(i)n sorbitol</i>
<i>hun 'ytste bord som blir skore av ein tømmerstokk'</i>	<i>hon</i> inn som valfri skrivemåte	<i>hun</i> eller <i>hon</i>
<i>kybernetikk, kybernetikar/-er, kybernetisk</i>	stadfesting av gjeldande normering	<i>kybernetikk, kybernetikar/-er, kybernetisk</i>
uklar normering	<i>kyber-</i> eller <i>cyber-</i> i nyare samansetjingar	<i>kyberrom/cyberrom, kybersex/cybersex osv.</i>

Vedtak som berre gjeld nynorsk		
Før	Endring	No
<i>ein eller eit ess 'spillkort', fyr 'fyrtårn'</i>	endring frå valfritt han- eller inkjekjønn til berre inkjekjønn	<i>eit ess, fyr</i>
<i>ein eller eit vald 'makt'</i>	endring frå valfritt han- eller inkjekjønn til berre hankjønn	<i>ein vald 'makt'</i>
<i>ein blunk, curriculum vitae</i>	endring frå inkjekjønn til valfritt han- eller inkjekjønn	<i>ein eller eit blunk, curriculum vitae</i>
<i>eit bensol</i>	endring frå inkjekjønn til hankjønn	<i>ein bensol</i>
<i>ein tights - tightsen - tightsar - tightsane</i>	<i>tights</i> inn som valfri form i ubunden form fleirtal	<i>ein tights - tightsen - tights(ar) - tightsane</i>
<i>ein longs - longsen - longs - longsane</i>	<i>longsar</i> inn som valfri form i ubunden form fleirtal	<i>ein longs - longsen - longs(ar) - longsane</i>
<i>laupe</i>	<i>løpe</i> er tillatt skrivemåte	<i>laupe/løpe</i>
unormert	fastsett skrivemåte	<i>brownie - brownien - browniar - browniane</i>
unormert	fastsett skrivemåte	<i>cookie - cookien - cookiar - cookiane</i>
unormert	fastsett skrivemåte	<i>cupcake - cupcaken - cupcakar - cupcakane</i>

Vedtak som berre gjeld bokmål

Før	Endring	No
<i>en eller et blunk, bor 'reiskap', dunk 'bank; støt', ekorn</i>	endring frå valfritt han- eller inkjekjønn til berre inkjekjønn	<i>et blunk, bor, dunk, ekorn</i>
<i>en eller et marmor, mugg 'muggsopp'</i>	endring frå valfritt han- eller inkjekjønn til berre hankjønn	<i>en marmor, mugg</i>
unormert	normert med hankjønn	<i>en bensol</i>
<i>kanvas eller kanevas</i>	<i>kanevas</i> går ut av norma	<i>kanvas</i>
<i>en tights – tightsen – tights(er) – tightsene</i>	<i>tights</i> inn som valfri form i ubunden form fleirtal	<i>en tights – tightsen – tights(er) – tightsene</i>
<i>en longs – longs(en) – longs – longsane</i>	<i>longs(er)</i> inn som valfri form i ubunden form fleirtal	<i>en longs – longs(en) – longs(er) – longsene</i>
<i>dritt, dritt-</i>	nye valfrie skrivemåtar	<i>drit/dritt, drit-/dritt-</i>
unormert	fastsett skrivemåte	<i>brownie – brownien – brownier – browniene</i>
unormert	fastsett skrivemåte	<i>cookie – cookien – cookier – cookiene</i>
unormert	fastsett skrivemåte	<i>cupcake – cupcaken – cupcaker – cupcakene</i>





Språkrådet skal medverka til styrkt nordisk samarbeid med utgangspunkt i den nordiske språkdeklarasjonen.

Deklarasjon om nordisk språkpolitikk ligg til grunn når Språkrådet deltek aktivt i ulike nordiske nettverk. Språkrådet har i 2019 delteke i nordiske nettverk for å styrkja språkdeklarasjonens mål om å betra grannespråksforståinga og oppnå ei sterkare stilling for dei mindre språka i Norden, irekna dei nordiske teiknspråka. Språkteknologi har vore eit sentralt tema i nettverkssamarbeidet. Nordisk ministerråd har sett i gang eit arbeid med sikte på å revidera språkdeklarasjonen, men dei nordiske språknemndene har i liten grad blitt involverte i dette arbeidet så langt. Språkrådet er uroa over dette, fordi det vil vera viktig for språksamarbeidet og oppgaveløysinga lokalt i dei nordiske språknemndene at deklarasjonen og arbeidsområda som blir identifiserte, tek opp i seg dei sentrale utfordringane for den nordiske språkfelleskapen. Nettverket ønskjer at ministerrådets føringar gjennom deklarasjonen kan leggja til rette for at dei nordiske språknettverka kan arbeida meir aktivt saman, til beste for betre kunnskap om emne av felles interesse for den nordiske ålmenta og for språknemndene sine arbeidsoppgåver.

Nettverk for språknemndene i Norden

Språkrådet samarbeider med dei andre nordiske språknemndene gjennom Nettverket for språknemndene i Norden. I 2019 var nettverket sitt årlege møte lagt til Nuuk på Grønland. Temaet for den faglege delen av møtet var språkteknologi, mellom anna kor viktig det er at utviklinga innan slik teknologi også kjem dei mindre språka i Norden til gode. Møtet vedtok at språkteknologi skal vera tema på det 65. nordiske språkmøtet, som Språkrådet skal vera vertskap for i Oslo i 2020. I tillegg fekk Språkrådet i oppgåve å utarbeida utkast til ein strategisk plan som skal meisla ut dei viktigaste satsingsområda for nettverket i åra som kjem. Strategien, der språkteknologi, terminologi og fagspråk vil vera blant dei fremste samarbeidsområda, skal etter planen vedtakast ved nettverksmøtet i samband med det nordiske språkmøtet i 2020.

Astin, nettverket si arbeidsgruppe for språkteknologi i Norden, blei reaktivert i 2019 etter å ha lege nede i mange år på grunn av manglande finansiering. Språkrådet er



representert i arbeidsgruppa, og gruppa stod for det faglege innslaget om språkteknologi ved nettverksmøtet i Nuuk. Framtidig finansiering vil avgjera aktivitetsnivået i arbeidsgruppa, men eit godt nordisk samarbeid på språkteknologiområdet vil gje viktig meirverdi til arbeidet på dette saksfeltet i det einskilde samarbeidslandet.

Nordisk teiknspråknettverk

Språkrådet har også delteke på ulike samankomstar i det nordiske teiknspråknettverket, mellom anna eit todagars møte på Island der strategiarbeid for det nordiske teiknspråknettverket blei diskutert. Nettverket har også etablert eit samarbeid med brukarorganisasjonen Døves Nordiske Råd. Eit fellesnordisk prosjekt, «Kunnskapsoppsummering om nordiske barn og unges tilganger til tegnspråk», er etablert i løpet av året. Både teiknspråknettverket og Språkrådet bidreg med økonomiske og språkfaglege ressursar, og prosjektet blir drive av den teiknspråklege forskargruppa ved Oslomet. Nordisk ministerråd har vist interesse for kunnskapsstatusen som vil bli resultat av det fellesnordiske prosjektet.

Nordisk terminologiarbeid

På terminologiområdet har Språkrådet i 2019 delteke på Nordterm-konferansen i København. Ei av arbeidsgruppene blei utvida til også å gjelda digitalisering, og gruppa var medarrangør av eit nordisk seminar om digitalisering og omgrepsarbeid i Oslo i november. Seminaret har vore med på å leggja grunnlaget for ein felles arbeidsmåte for digitalisering og omgrepsarbeid i Norden. Dette bidreg til gjenbruk av erfaringar på tvers av landegrensene og er med på å effektivisera Språkrådets innsats på terminologifeltet.

Prosjektet «Små språk i Norden»

Språkrådet er representert i den faglege ad hoc-gruppa som er oppnemnt for prosjektet «Små språk i Norden». Prosjektet er oppretta og finansiert av Nordisk ministerråd og skal vara fram til 2021. Det skal styrast frå Institutet för språk och folkminnen i Stockholm, der også det svenske Språkrådet held hus. Eitt av måla med prosjektet er å bidra til å styrkja dei nasjonale minoritetsspråka og dei nordiske små språka. Prosjektet har «språk i teknologi»



Nordmenn er delte i synet på om danskar er lette å forstå. Kvar tredje meiner det er lett å forstå dansk tale, medan like mange synest det er vanskeleg. Det er vanlegare å byta til engelsk enn å fordanska språket, og det er helst dei unge som legg om til engelsk.

*Tala er henta frå ei befolkningsundersøking
Opinion gjennomførte for
Språkrådet i 2018.*


➔ som eitt av fleire tema, og dei har planar om å leggja ein konferanse til Oslo rett i etterkant av det nordiske språkmøtet i 2020.

Anna

2019 har vore det første året med ny organisasjons- og finansieringsmodell for det nordiske språksamarbeidet, som Nordisk ministerråd vedtok i 2018. Nettverket for språknemndene i Norden får gjennom tre år ein årleg sum i same storleik som tildelinga var ved utgangen av den førre programperioden, og det kan tildelast pengar i nye to år. Aktivitet ut over denne kostnadsramma må dekkjast ved søknad om midlar frå ulike kjelder. Nordplus Nordens språk har endra vilkåra for tildeling slik at det i teorien vil vera lettare for nettverket å få tildelt pengar til dei primære arbeidsområda sine, men ein søknad frå arbeidsgruppa Astin om å få dekt kostnader for deltaking i nettverksmøtet for dei nordiske språknemndene blei i 2019 avslått. Den nye modellen inneber også at Nordisk språkkoordinasjon blei nedlagd ved årsskiftet 2018/2019. All kommunikasjon mellom nettverket og ministerrådet går no føre seg via ein tilsett i ministerrådssekretariatet.

Nettverket har heller ikkje fått noka erstatning for nettsidene hjå språkkoordinasjonen, som fungerte som ein presentasjons- og informasjonskanal frå nettverket til ålmenta. Dette gjer det vanskelegare å få ønskt effekt av samarbeidet.

Nordisk ministerråd har vedteke eit nytt nordisk samarbeidsprogram for utdanning og forskning, som skal gjelda i perioden 2019–2023. Det heiter i programmet at det nordiske språksamarbeidet skal bidra til å støtta opp om relevante nasjonale innsatsar. Den førre programplanens fokus på barn og unge er vidareført i den nye planen. Fokuset ligg dermed framleis utanfor arbeidsområdet til dei nordiske språknemndene, sidan det ikkje ligg i mandata våre å arbeida spesielt mot barn og unge. ●



35 %

synest det er lett
å forstå dansk
munnleg



83 %

synest det er
lett å forstå
svensk munnleg





Språkrådet skal arbeida for å synleggjera og styrkja norsk teiknspråk, kvensk, romani og romanes.

Norsk teiknspråk

Samarbeidet med Tolkeforbundet, Oslomet og Norges Døveforbund blei styrkt i 2019. Samtidig heldt det gode samarbeidet med Statped fram, særleg i fagnettverket for teiknspråk. Statped tek ansvaret sitt for å styrkja norsk teiknspråk alvorleg og har oppretta teiknspråk som eit eige fagområde. Samarbeidet vil styrkja teiknspråk som fagspråk og som arbeidsspråk på dette fagområdet, og det vil styrkja språkinformasjon til foreldre.

I 2019 var det oppstart av årlege samarbeidsmøte mellom Språkrådet og Rikshospitalet for å gje fagmiljøet oppdatert kunnskap om teiknspråk. Dette blir gjort for å auka medvitet om og styrkja fokuset på språklege rettar slik at teiknspråklege barn og unge får tilgang til å utvikla og bruka norsk teiknspråk som sitt førstespråk. Saman med Norges Døveforbund arrangerte Språkrådet òg eit seminar for lærarar og barnehagelærarar med teiknspråk som førstespråk for å få meir dokumentert kunnskap om stoda for teiknspråk i barnehage og skule i Noreg. Inntrykket frå

seminaret er at dugleiken i norsk teiknspråk hjå mange unge ikkje er aldersadekvat, og at fleire barn lid av språkdeprivasjon. Teiknspråkarenaene som eksisterer, er av for dårleg kvalitet og lite tilgjengelege for døve og hørselshemma som har norsk teiknspråk som førstespråk. Språkrådet er uroa over utviklinga på feltet.

Arbeidet med teiknspråkleg terminologi har halde fram med møte i Språkrådet og deltaking på *Døves kulturdager*. I år har astronomiteikn vore i fokus, og desse teikna er no publiserte. Språkrådet er representert i styringsgruppa for prosjektet Teiknspråkløftet ved Oslomet.

Framover er det viktig at dei som verkeleg har behov for tilgang til eit fullt og heilt språk dei kan kommunisera uanstrengt på, blir prioriterte av styresmaktene. For å få til ei verkeleg styrking for norsk teiknspråk og dei teiknspråklege er det avgjerande med opplæring i teiknspråk som førstespråk.



Barn og unge med teiknspråk som førstespråk treng arenaer der dei får bruka språket sitt.

Kvensk, romani og romanés

Kommunal- og moderniseringsdepartementet kom hausten 2019 med utkast til tre ulike forskrifter for statlege tilskot til høvesvis kvenane, romanifolket/taterane, og nasjonale minoritetar generelt. Språkrådet har levert innspel til alle tre høyringane.

Språkrådet utforma i 2018 ein samarbeidsavtale med Kainun institutti – Kvensk institutt, og dette samarbeidet blei følgt opp i 2019 med møte og egne tiltak. På den kvenske språkdagen 26. april blei det publisert ein felles kronikk om stoda til det kvenske språket. Dette samarbeidet er viktig for utviklinga av kvensk bruksspråk og bidreg til å gjera kvensk meir synleg i samfunnet.

Språkrådet delte i 2019 ut Kvensk språkpris / Kvääni kielipalkinto for andre gong, ein pris som blir delt ut annakvart år, og som går til personar, grupper, organisasjonar, foreiningar eller institusjonar som har gjort ein tydeleg innsats for å fremja kvensk språk skriftleg eller munnleg. Vinnaren i 2019 var Liisa Koivulehto, journalist



Begge foto: Tygve Indrelid / NTB scanpix





Foto: Susanne Hætta

➔ i den kvenske avisa Ruijan Kaiku og grunnleggjar og tidlegare redaktør av same blad, der ho har vore ei drivande kraft sidan starten i 1995. Språkrådet opplever at prisen gjev viktig merksemd til kvensk språk og kultur i ålmenta.

Språknytt hadde kvensk språk som hovudtema i det tredje kvartalsnummeret i 2019, med fleire artiklar om både kvensk og nasjonale minoritetsspråk generelt. Også språkdirektørens faste leiar i bladet var ved dette høvet skriven på kvensk. På kvenfolkets dag 16. mars publiserte Språkrådet ein kronikk om språkmangfaldet på Nordkalotten, med særleg vekt på plasseringa til kvensk og samisk i dette lingvistiske landskapet.

Språkrådet har delteke som observatør og rådgjevar på to allmøte om normeringsarbeid og styrkingsarbeid for språket romani. Begge møta blei arrangerte på initiativ frå Taternes Landsforening, men representantar for andre tater-/romanifolkforeiningar blei òg inviterte. Om det blir etablert eit skriftspråk for romani, vil språket kunna bli nytta på samfunnsområde der det ikkje blir brukt i dag, og det vil kunna vera eit middel til å auka talet på språkbrukarar.

Språkrådet har òg hatt to møte med organisasjonen Romano kher og diskutert normeringsarbeid for språket romanes. Arbeidet vil halda fram i 2020. Her òg er målet å utvikla eit eige skriftspråk for romanes og dermed styrkja statusen og bruksrekkjevidda til språket.

Det er lite kunnskap om romani og romanes i ålmenta. I samband med den internasjonale romdagen 8. april publiserte Språkrådet difor ein tekst om skilnadene mellom romane og taterane og mellom romanes og romani, og om historia bak desse skilnadene. Slik kunnskapsformidling om dei nasjonale minoritetsspråka og brukarane deira er viktig for å gjera språka synlege i samfunnet.

Kvenske stadnamn

Den kvenske stadnamntenesta har i 2019 arbeidd med ei rekkje namnesaker i Troms og Finnmark. Tenesta ønskjer å spela ei meir aktiv rolle enn før ved oftare å ta initiativ til å reisa namnesaker. I 2019 har tenesta mellom anna reist namnesak om kvensk namn på Varangerhalvøya, Varangerfjorden og fleire andre stader med namn som

«Den kvenske stadnamntenesta har opna for to moglege kvenske namn på Noreg: *Norja* og *Ruija*.»

på norsk har «Varanger» som eitt av ledda. Eit resultat som står fram, er at Tromsø fekk offisielt kvensk namn i januar, *Tromssa*. Sidan Tromsø er regionhovudstad og den største byen i Nord-Noreg, seier dette mykje om statusen kvensk språk har oppnådd dei siste åra. I kjølvatnet av denne avgjerda, og i samband med den samiske nasjonaldagen 6. februar, publiserte Språkrådet ein kronikk om korleis kvenske og samiske stadnamn blir vedtekne.

I 2019 har Språkrådet gjennom den kvenske stadnamntenesta hjulpet KMD i arbeidet med å fastsetja offisielle namn på kongeriket Noreg på samiske språk og på kvensk. Tenesta har opna for to moglege kvenske namn på riket, som begge har vore i bruk tidlegare: *Norja* og *Ruija*. Prosessen kjem til å halda fram i 2020. Eit offisielt kvensk namn på Noreg og bruken av eit slikt namn i offentleg samanheng vil synleggjera og styrkja stillinga til det kvenske språket.

Stadnamntenesta starta hausten 2019 eit arbeid med å etablere tydelegare rettskrivingsreglar for kvenske stadnamn. Rettskriving av kvenske stadnamn skal vera

innanfor den ålmenne kvenske rettskrivinga. I tillegg krevst det reglar for mellom anna teiknsetjing, bruk av bindestrek, stor og liten førebokstav, samskriving og særskriving. Ein må òg skaffa oversyn over mangfaldet av ord for stadobjekt/landskapsformasjonar som finst i kvenske dialektar, for slik å leggja grunnlag for normeringa av kvenske stadnamn. Arbeidet med utforminga av reglane vil halda fram i 2020. ●

Prisar og publikumsarrangement

Kvart år deler Språkrådet ut ulike prisar for å synleggjera godt språkarbeid. Me samarbeider med andre institusjonar om å fomidla kunnskap om språk.



Språkprisen

Kvar haust deler Språkrådet ut ein pris for framifrå bruk av norsk i sakprosa (annakvart år for bokmål og nynorsk). Prisen er på 100 000 kroner, og han blir delt ut på eit publikumsarrangement om godt språk i sakprosalitteratur. I 2019 gjekk prisen til Kristin Fridtun. Språkprisen er eit viktig tiltak for å få vist fram det gode norske sakprosaspråket og bidreg slik til å styrkja norsk språk.

Foto: Alexander Øvrebø / NTB scanpix



Kåring av årets nynorskkommune

Sidan 2016 har Språkrådet delt ut prisen *Årets nynorskkommune* på vegner av Kulturdepartementet. Føremålet med prisen er å stimulera til god nynorskbruk i kommunane. I 2019 blei det for første gong mogleg å nominera kandidatar, og ein opna for at språknøytrale kommunar kunne bli tildelt prisen. Tevlinga i 2019 var rekordsterk, med 15 nominerte kommunar. Prisen gjekk til den største nynorskkommunen i landet, nye Ålesund kommune. Språkrådet ser at prisen heng høgt, og veit at mange kommunar har arbeidd målretta for å få prisen. Dette fører til større merksemd rundt nynorskbruken og språkarbeidet i kommunane.

Foto: Språkrådet



Kväänin kielipalkinto / Kvensk språkpris

Joka toinen vuosi Kieliraati jakkaa ulos Kväänin kielipalkinon. Kielipalkinon saatethaan anttaat yhele ihmiselle, organisasuunile tahi instituusuunile joka oon tehny suuren työn kväänin kielen etheen. Journalisti ja entinen redaktööri Liisa Koivulehto sai Kväänin kielipalkinon vuona 2019. Koivulehto perusti avii-sin Ruijan Kaijun vuona 1995, ja hän oli sen redaktöörinä vuothien 2016 asti.

Annakvart år deler Språkrådet ut Kvensk språkpris / Kväänin kielipalkinto. Prisen blir gjeven til personar, organisasjonar eller institusjonar som har gjort ein viktig innsats for det kvenske språket. I 2019 gjekk prisen til journalist Liisa Koivulehto i den kvenske avisa Ruijan Kaiku.

Språkoppdraget

Hausten 2019 arrangerte Språkrådet språkshow saman med Det Norske Teatret.

«Språkoppdraget» er eit snakkeshow for dei som er nyfikne på språk og søker nye inngangar til språket. Skodespelar Ane Dahl Torp, komikar Herman Flesvig og språkdirektør Åse Wetås har vore blant gjestene. Arrangementet har bidrege til merksemd kring Språkrådets arbeid med å styrkja norsk språk.

Foto: Språkrådet



Høtt sa du?

Nasjonalbiblioteket og Språkrådet har i 2019 samarbeidd om ei rekkje dialekttevlingar med namnet «Høtt sa du?». Kjende gjester og språkfaglege ekspertar har fått bryna seg på dialektar frå heile landet, med Linda Eide som programleiar og direktør Åse Wetås som streng, men rettviss dommar. Arrangementa har vore med på å profilera Språkrådet i ei populær og underhaldande ramme.



Kommunikasjon

Ni av ti nordmenn kjenner til Språkrådet. Det er eit godt utgangspunkt for å nå målet om å gje alle språkbrukarar gode råd og sørgja for at ordbøkene og nettsidene våre er ei føretrakt kjelde til kunnskap om språka i Noreg. Skal me nå dette målet, må me vera synlege i det offentlege.

Medieoppslag

Språkrådet er svært synlege i media, og i 2019 blei Språkrådet omtalt i over 2 500 medieoppslag, viser tal frå Retriever. Oppslaga er jamt fordelte på riksaviser, regionaviser, lokalaviser, dei to pressebyråa og tv og radio, særleg NRK. Språkrådet skriv dessutan pressemeldingar og kronikkar om dei viktigaste sakene våre. I 2019 hadde me 16 kronikkar på trykk, mellom anna i Dagsavisen, Dagens Næringsliv, Aftenposten, Computerworld, Khrono og Forskerforum.

Foto: Alexander Øvrebø / NTB scanpix



Språkrådet.no

I 2019 var det om lag 4,4 millionar unike sidevisningar på nettsidene til Språkrådet. Det er ein auke på 19 prosent frå 2019. Ikkje overraskande er «Språkhjelp» den mest besøkte seksjonen på nettsidene, med over éin million visningar. I tillegg blei svarbasen vår brukt halvannen million gonger i 2019. Den auka bruken av rådgjevingstenestene våre på nett viser at informasjonen når ut til mange. Det bidreg til å betra språkkompetansen blant folk. Språkrådet forvaltar òg nettstaden klarspråk.no, der me tilbyr råd om arbeidet med klart språk.





Sosiale medium

Språkrådet har det siste året fått 2 351 fleire følgjarar på Facebook/Instagram (totalt 22 807) og 812 fleire følgjarar på Twitter (totalt 14 903). I sosiale medium svarar me på språkspørsmål og deler nyhendesaker, saker om aktuelle ord og artiklar frå bladet Språknytt. Dette er viktige kanalar for å spreia råda våre om godt og korrekt språk til stadig fleire språkbrukarar.

Justering av grafisk profil

Språkrådet fekk sin noverande profil for tolv år sidan, i 2008. I 2019 var tida mogen for å gjera nokre justeringar, både av logo og profilfargar. Den visuelle profilen skal bidra til å gje Språkrådet ein tydeleg identitet, og den skal synleggjera Språkrådet som ein sentral aktør i den offentlege debatten. Den justerte profilen tek òg omsyn til krav til universell utforming.



Publikasjonar

Språkrådet gjev ut blada Språknytt og Statsspråk fire gonger i året, både på papir og i elektronisk form på sprakradet.no.

Språknytt er eit blad for alle språkinteresserte. Tidsskriftet tek temperaturen på språksituasjonen i Noreg og tek opp alt frå samfunnsansvar og engelskpress til kva som er rett språk, og kva ord betyr.

I 2019 hadde Språknytt eit opplag på 10 400.

Dei fire nummera i 2019 tok for seg høvsvis

- bruken av engelsk blant unge, status for norsk teiknspråk, norsk fagspråk, nettordbøker
- norsk i marknadsføring, målform i digitale læremiddel, godt helsespråk, intervju med norsktalende britisk ambassadør
- status for kvensk og andre minoritetsspråk i Noreg, intervju med digitaliseringsministeren, taleattkjenning, metaforar
- intervju med NRK-sjefen, reportasje om norrønt i tv-serie, samiske språk


Språkrådet vurderer Språknytt som ein svært viktig kanal i arbeidet med å formidla dei prioriterte måla for arbeidet vårt.

Statsspråk er Språkrådets fagblad for godt språk i staten. Hovudmålgruppa for bladet er tilsette i offentlig forvaltning. Opplaget er 15 000. Statsspråk skal mellom anna inspirera til bruk av godt språk, gje konkrete og matnyttige språkråd som er spesielt relevante for offentlig tilsette, og gje råd om arbeid med nynorsk i forvaltninga.


Dei fire nummera i 2019 tok for seg høvsvis

- språknormering og rettskriving
- brukarretting i språkarbeidet hjå Utlendingsnemnda, som vann klarspråksprisen for 2018
- språk som verktøy i digitaliseringsarbeidet
- språkansvaret til kommunane

Språkrådet laga i 2019 ein brosjyre om norsk teiknspråk. Brosjyren er laga for å svara på vanlege spørsmål om teiknspråk, for å informera om bruk av teiknspråk og for å informera om dei språklege rettane til teiknspråkbrukarar. I brosjyren kan ein òg læra om dei to handalfabeta. Brosjyren inngår i det langsiktige arbeidet for å styrkja norsk teiknspråk.



I 2019 var det 61 prosent kvinnelege tilsette og 39 prosent mannlege tilsette i Språkrådet



I 2019 var sjukefråværet 4,8 prosent

DEL IV

Styring og kontroll i verksemda



Overordna vurdering av styring og kontroll

Det er ei utfordring å utforma ein risikoanalyse som både er tilpassa verkeområdet og oppgåvene til Språkrådet, og som er relevant i mål- og resultatstyringsarbeidet. Arbeidet i Språkrådet er sektorovergripande, og dei fleste tiltaka organisasjonen set i verk, skal gjennomførast utanfor kultursektoren.

Mange av dei viktigaste risikofaktorane for god måloppnåing i samfunnsoppdraget som Språkrådet har, er vanskelege å kontrollera. Organisasjonen arbeider systematisk for å nå måla i større grad og ha så låg risiko som råd. Å identifisera faktorar som Språkrådet sjølv kan påverka, står sentralt i arbeidet med å utforma realistiske mål for arbeidet i verksemda, og dette er eit punkt Språkrådet og overordna departement jamleg drøftar i etatsstyringsdialogen.

Språkrådet har desse styringsdokumenta:

- tildelingsbrev (med eventuelle tillegg)
- strategisk plan (vedteken av Språkrådets styre)
- verksemds- og økonomiinstruks
- verksemdsplan for perioden
- Stortingsmelding 35 (2007–2008): *Mål og meining*

Språkrådet har egne risiko- og sårbarheitsanalysar, og spørsmål om risikostyring og risikovurdering blir jamleg drøfta i styret i Språkrådet.



Nærare omtale av tilhøve som gjeld styring og kontroll

HMT og arbeidsmiljø

Språkrådet arbeider heile tida for å sikra eit godt arbeidsmiljø, førebyggja og redusera sjukefråværet og hindra utstøytning og fråfall frå arbeidslivet.

Sjukefråværet i 2019 var 4,8 prosent, mot 3,3 prosent i 2018.

Språkrådet har avtale om bedriftshelseteneste med Stamina Cencus, som òg kan hjelpa til dersom det er behov for krisespsykiatrisk hjelp.

Tryggleik og beredskap

Gjennom ein avtale inngått av Kulturdepartementet leiger Språkrådet lokale av Entra Kultur AS i Observatoriegata 1 B. Selskapet har ansvar for drift av bygningar, vedlikehald og inngangskontroll og gjennomfører fleire evakueringsøvingar i året. Det operative ansvaret for å handtera ulukker utanfor arbeidsplassen vil som regel falla på helsevesenet og politiet.

Sidan 2015 har Språkrådet hatt avtale med Kulturrådet om beredskapslokale. Dersom lokala i Observatoriegata 1 B ikkje kan brukast (på grunn av brann, vasskade eller anna), vil Kulturrådet stilla lokale til rådvelde for leiargruppa i Språkrådet.

Avtalar med eksterne fritek ikkje Språkrådet for ansvar for å skapa gode haldningar hjå medarbeidarane og sørgja for ein god tryggleikskultur generelt og god forståing for IKT-tryggleik spesielt. Dette gjer Språkrådet mellom anna

ved å leggja vekt på IKT-tryggleik i opplæringsprogram for nyttilsette medarbeidarar. IKT-tryggleik inngår i samarbeidet vårt med Nasjonalbiblioteket og Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek, og alle tilsette har gått gjennom obligatorisk e-læringskurs i IKT-tryggleik på arbeidsplassen. Rutinar på området er lett tilgjengelege på Språkrådets intranett.

Likestilling


Tabellen og figurane på neste side viser delen av menn og kvinner i prosent og talet på stillingar totalt for høvesvis alle stillingar og leiarstillingar i Språkrådet. «Løn kvinner/menn» viser den gjennomsnittlege årsløna til kvinnene i prosent av den gjennomsnittlege årsløna til mennene.

Språkrådet har medarbeidarar med nedsett funksjons- evne og har sett i verk tiltak for å leggja til rette arbeidsplassen. Ingen av medarbeidarane i Språkrådet har minoritetsbakgrunn.

Personalpolitikk

Språkrådet arbeider kontinuerleg med å sikra rett kompetanse og bemanning til det oppdraget me er sette til å utføra. Språkrådet er ei lita statleg verksemd, men har dei same krava til styringssystem og risikoarbeid som store verksemder, og det gjer oss sårbare i effektiviserings- arbeidet. Me legg difor stor vekt på å balansera omsynet til at Språkrådet skal ha så låg risiko som råd i den daglege drifta, opp mot at me skal bruka så stor del av tildelinga vår som råd på det språkpolitiske kjerneoppdraget.





Likestilling



	Alle stillingar			Leiarstillingar			Løn
	Menn	Kvinner	Tal på tilsette	Menn	Kvinner	Tal på leiarar	Kvinner/ Menn
2018	41,7	58,3	36	28,6	71,4	7*	98,3
2019	38,9	61,1	35	33,3	66,7	6*	96,5

* Det var ikkje fleire leiarstillingar i 2018 enn i 2019, men talet er høgare fordi to personar har fungert i éi stilling i løpet av året.

Ytre miljø

Verksemda påverkar i liten grad det ytre miljøet. Språkrådet følgjer opp handlingsplanen for miljøleiing. Dei overordna måla er god avfallssortering og -handsaming, redusert energibruk og meir vekt på miljøvennleg transport og miljøvennlege innkjøp. Språkrådet arbeider aktivt for å halda nede CO₂-avtrykk i reiseplanlegginga, og me har digital møteromsløysing som alternativ til reising. Språkrådet har tenester som er landsdekkjande, og dette fører med seg ein del reiseverksemd.

Motverking av arbeidslivskriminalitet

Språkrådet har ikkje gjennomført større innkjøp i 2019 som har gjort det nødvendig å setja inn spesielle tiltak, men me er medvitne om ansvaret vårt for å velja seriøse og godkjende leverandørar når me kjøper varer og tenester.

Digitalisering

Prosjekt for automatisk innhausting av mållovsdata

Språkrådet har sidan 2017 samarbeidd med Nasjonalbiblioteket om å få på plass eit verktøy for digital innhausting av data i mållovstilsynet. Føremålet er å forenkla innhaustinga av data frå alle statlege verksemdar som skal rapportera om målbruken sin. Ei digital løysing skal etter planen frigjera tid til konkret språkarbeid i

verksemdene. Det har vore svært arbeidskrevjande å få på plass ei teknisk innhaustingsløysing som er god nok til føremålet. Planen er å få eit verktøy på plass som kan testast på mållovsdata for 2020.

Vidareutvikling av innhaldet i Språkrådets svarbase

Etter vedtektene skal Språkrådet i rimeleg omfang gje råd til ålmenta i språkspørsmål. Pågangen er aukande, og for å effektivisera arbeidet i rådgjevingstenesta har Språkrådet i fleire år arbeidd med å leggja så mykje relevant innhald som råd i ein digital svardatabase. Gevinsten av dette arbeidet er at språkråda våre når stadig fleire, samtidig som intensjonen er å bruka mindre ressursar på individuelle svar. Språkrådets vurdering er difor at dette digitaliseringstiltaket tener føremålet, og det syner seg også ved at bruken av basen har auka med 25 prosent når me jamfører 2019 med 2018. Språkrådet ser likevel at talet på nye spørsmål frå einskildpersonar ikkje går ned.

E-læringskurs i terminologi

Språkrådet starta i 2019 arbeidet med å laga eit grunnleggjande e-læringskurs i terminologisk metode. Målet er å laga eit lågterskeltilbod til personar som arbeider med terminologi- og omgrepsarbeid, og å nå ut til endå fleire enn me gjer med fysiske klasseromskurs. Ei av hovud-

målgruppene for kurset er tilsette i offentlig sektor som arbeider med «Orden i eige hus» og med digitalisering av sektoren. Kurset skal etter planen lanserast våren 2020.

Andre digitaliserings- og effektiviseringstiltak

Språkrådet får levert IKT-tenester frå Nasjonalbiblioteket, og me følgjer rutineane til Nasjonalbiblioteket på dette området, mellom anna når det gjeld bruk av skytenester (jf. tilrådingar og krav i digitaliseringsrundskrivet). Språkrådet kommuniserer ikkje direkte med innbyggjarane på ein måte som gjer det aktuelt å bruka digital postkasse. Språkrådet bruker elektronisk faktura og elektroniske løysingar frå Altinn til digital dialog med andre offentlege verksemder.

Opne data

Språkrådet eig *Nynorskordboka*, *Bokmålsordboka* og Norsk ordbank saman med Universitetet i Bergen (UiB). Desse ressursane er viktige for utvikling av språkteknologi på norsk. Språkrådet har sytt for at Norsk ordbank ligg tilgjengeleg som open datakjelde i Språkbanken (CC 0-lisens). Språkrådet ønskjer at ordbøkene også skal gjerast tilgjengelege for språkteknologisk bruk gjennom Språkbanken, og er i dialog med medeigar UiB om dette.

Språkrådets terminologiressurs Termwikien er gjort ope tilgjengeleg for nedlasting. Det same gjeld for Felles

omgrepskatalog, der Språkrådet har vore ein sentral aktør i utviklinga av katalogen.

Gjennom arbeid på språkteknologifeltet arbeider Språkrådet for at alle statlege verksemder skal gjera eigne språkdata tilgjengelege for bruk i språkteknologisk arbeid.

Personvern

Språkrådet følgjer opp GDPR (personvernforordninga) gjennom ordninga med personvernombod, og det er fastsett rutinar for handsaming av personvernspørsmål innanfor dei tidsfristane som regelverket set. Alle tilsette er informerte om pliktene Språkrådet som verksemd har etter personvernforordninga.

Inkluderingsdugnaden

I 2019 har Språkrådet vore i kontakt med tiltaksarrangørar om praksisperiodar og engasjement for personar med nedsett funksjonsevne. Me har kontakt med Nav St. Hanshaugen, som hjelper statlege verksemder i Oslo med å inkludera personar som er utanfor arbeidslivet. Stillingsutlysingane våre slår fast at ein kan søkja stillinga utan omsyn til kjønn, alder, funksjonsnivå eller kulturell bakgrunn, og med hol i CV-en. Til dei to faste tilsetjingane i 2019 har det ikkje vore kvalifiserte søkjarar med hol i CV-en og/eller funksjonshemming. ●

Del V:

Framtidsutsikter

Språkrådet skal som statens fagorgan for språk leggja til rette for at den sektorovergripande språkpolitikken kan bli gjennomført. Hovudmåla for språkpolitikken er å styrkja statusen til norsk språk og bruken av det på utsette samfunnsområde, å fremja norsk som eit godt og velfungerande kultur- og bruksspråk og sikra det språklege mangfaldet og interessene til språkbrukarane. Desse tre måla heng tett saman, og dei er gjensidig avhengige av kvarandre.

Dersom me skal nå dei langsiktige måla for språkpolitikken, er det ein føresetnad at politikken er reelt sektorovergripande. Då må alle departementsområda i staten få eit klarare definert ansvar for å utføra sin del av oppgåvene. Språkrådet må òg vera ein tydeleg strategisk samordnar og vera rusta til å gje rådgjeving i eit slikt omfang at arbeidet gjev tydelege resultat. Dei faglege råda våre må takast omsyn til i alle delar av staten. Dessutan må Språkrådet ha naudsynt kapasitet til å utføra rådgjevings- og samordningsarbeidet.

Alle delar av staten skal gjennomføra den sektorovergripande språkpolitikken. Somme delar av offentleg sektor

peiker seg ut som særleg viktige for gjennomføringa av språkpolitikken. Viktige sektorar er kunnskap (skule og høgare utdanning), helse og justis (klart språk i lover og forskrifter). I tillegg kjem sjølvstekt kultur- og mediesektoren og ansvarsområda som ligg til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og som særleg gjeld digitalisering og arbeid med samiske språk og nasjonale minoritetsspråk. For at Språkrådet skal lukkast i arbeidet med å styrkja norsk (bokmål og nynorsk), norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka, og for at innsatsen vår skal sikra rettane og interessene til språkbrukarane, må det konkrete språkstyrkingsarbeidet ha prioritet i alle delar av staten.



Ei sikring av framtida for norsk (bokmål og nynorsk), norsk teiknspråk, dei nasjonale minoritetsspråka og dei samiske språka må innebera ei særleg satsing på språkteknologi dei komande åra. Språkteknologiske grunnlagsressursar må vera tilgjengelege for utviklarbransjen. Det offentlege må stilla krav til språkleg kvalitet i alle teknologiprodukt som blir kjøpte inn, og krav til kva språk som skal vera tilgjengelege i produkta. Skal norsk og dei andre språka som Noreg har eit særskilt ansvar for, leva vidare i den digitale tidsalderen, må språka også finnast på digitale flater. Satsing på språkteknologi vil vera ei investering i



språk som kulturelt felleseige, men ei slik satsing må òg til for å halda språka våre oppe som effektive kommunikasjonsmiddel. Tilgangen til språk i digitale verktøy er ein føresetnad for at ein kan tilby gode offentlege tenester, og er med på å syta for demokrati og rettstryggleik også etter det digitale skiftet.

Språkrådet har dei seinaste åra fått mange nye arbeidsoppgåver. Det er sterk auke i bruken av tenestene våre, pågangen frå media er aukande, og me byggjer nye og viktige samarbeidsalliansar. Samtidig fører ressursituasjonen til at Språkrådet må avvisa mange som bed om rådgjeving og kursopplegg, og det er viktige språkpolitiske innsatsområde som over tid blir ståande utan oppfølging. Med den nye stadnamnlova i 2019 og med ei ny språklov i 2020 får Språkrådet både nye og styrkte forvaltnings-, rådgjevings- og tilsynsoppgåver. Summen av eksisterande og nye arbeidsoppgåver vil vera uråd å løysa innanfor dei ressursrammene me har i dag, og det vil difor vera naudsynt med ei vesentleg styrking av Språkrådet i åra som kjem. Eit sterkt Språkråd er ein føresetnad for å nå dei sentrale måla i den norske språkpolitikken, til beste for språkbrukarane, til stønad for ei brukarvennleg digitalisering av staten og til styrking og bevaring av det norske språkmangfaldet. ●

«Det vil vera naudsynt med ei vesentleg styrking av Språkrådet i åra som kjem.»



Del VI: Årsrekneskap 2019

Språkrådet er statens fagorgan i spørsmål og følger opp språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet. Rekneskapen er ført etter kontantprinsippet og er gjeven i samsvar med retningslinene for økonomistyring i staten, rundskriv R-155 frå Finansdepartementet og instruks om økonomi- og verksemdsstyring frå Kulturdepartementet.

Stadfesting

Med dette blir det stadfesta at årsrekneskapen er avlagd i samsvar med gjeldande reglar for økonomistyring og med dei krava som er fastsette frå overordna departement. Rekneskapen gjev eit dekkjande bilete av løyvingane Språkrådet har hatt til disposisjon i rekneskapsåret, både av inntekter og utgifter. Språkrådet fører rekneskap etter kontantprinsippet.

Språkrådet har ein intern økonomiinstruks som er fastsett av styret, og som baserer seg på økonomiregelverket i staten og på instruksen om økonomi og verksemdsstyring for Språkrådet frå Kulturdepartementet. Etter denne instruksen har direktøren ansvaret for at dei økonomiske ressursane i verksemda blir disponerte i samsvar med føresetnadene og i samsvar med gjeldande regelverk for økonomistyring i staten. Styret i Språkrådet har overordna ansvar for at økonomireglementet og instruksen frå Kulturdepartementet blir følgde opp, og at budsjetttramene blir haldne.

Språkrådet utarbeider ein årleg disposisjonsplan i tråd med føringane, som saman med interne budsjett disponeringsfullmakter styrer korleis budsjettmidlane blir disponerte i organisasjonen.

Vurdering av vesentlege forhold

Budsjetttramma for 2019 var kr 41 347 000 (jf. kap. 326 – post 01). I tillegg hadde Språkrådet tilskotsforvaltning på kr 28 090 000 (jf. kap. 326 – post 73). Av dette gjekk kr 27 150 000 til språkorganisasjonar, kr 840 000 til tilskotsordninga for innsamling av stadnamn og kr 100 000 til Årets nynorsk kommune etter tildelinga i statsbudsjettet for 2019.

Andre vesentlege opplysningar

Som statleg verksemd får Språkrådet revisjon gjennomført av Riksrevisjonen. Årsrapport og årsrekneskap for verksemda blir publiserte på nettsidene til Språkrådet etter at etatsstyringsdialogen om dokumenta er avslutta. Revisjonsrapporten frå Riksrevisjonen blir òg publisert når dokumentet blir offentleg tilgjengeleg, i tråd med tilrådingane frå DFØ.

Oslo, 13. mars 2020

Åse Wetås
direktør

Erik Ulfsby
styreleiar

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Språkrådet er utarbeidd med utgangspunkt i «Bestemmelse om økonomistyring i staten».

Oppstillinga av løyvingssrapporten inneheld ein øvre del med rapportering om bruk av løyvinga og ein nedre del som viser behaldninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som går inn i mellomrekneskap (mellomvære) med statskassa.

Oppstillinga av løyvingss- og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i retningslinene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen inneheld alle dei rapporterte utgiftene og inntektene for rekneskapsåret
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp
- Rekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet

Rekneskapen følgjer kalenderåret.

Oppstillinga av løyvingss- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa. Desse følgjer punkt 3.5 i retningslinene for rapportering til statsrekneskapen. Sumlina «Netto rapportert til løyvingssrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Språkrådet er knytt til statens konsernkontoordning i Norges Bank.

Oppstilling av løyvingssrapportering 31.12.2019

Utgiftskap.	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2019	Meirutg. (-) og mindreutg.
0326	Språk-, litteratur- og bibliotekføremål	01	Driftsutgifter	A, B	41 347 000	40 882 245	464 755
0326	Språk-, litteratur- og bibliotekføremål	73	Tilskotsforvaltning	A, 7	28 090 000	28 090 000	0
0326	Språk-, litteratur- og bibliotekføremål	75	Tilskot til ordbokarbeid	A	5 330 000	5 330 000	0
1633	Nettoordning for mva. i staten	01			0	1 264 937	--
Sum utgiftsført					74 767 000	75 567 182	--

Inntektskap.	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Samla løyving	Rekneskap 2019	Meirutg. (-) og mindreutg.	
3326	Ymse inntekter	01		60 000	91 353	31 353	
5309	Tilfeldige inntekter	29		0	44 800	--	
5700	Arbeidsgjevaravgift	72		0	3 636 174	--	
Sum inntektsført					60 000	3 772 327	
Netto rapportert til løyvingssrekneskapen						71 794 855	
Kapitalkontoar							
60057501	Noregs Bank KK, innbetalingar				1 037 235		
60057502	Noregs Bank KK, utbetalingar				-72 722 940		
703814	Endring i mellomvære med statskassa				-109 150		
Sum rapportert						0	

Behaldning rapportert til kapitalrekneskapa (31.12.)				
		31.12.2019	31.12.2018	Endring
703814	Mellomvære med statskassa	-1 147 695	-1 038 545	-109 150

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført frå 2018	Tildelingar 2019	Samla tildeling
032601 Driftsutgifter	1 991 000	39 356 000	41 347 000
032673 Språkorganisasjonar	0	28 090 000	28 090 000
032675 Ordbokarbeid	0	5 330 000	5 330 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år										
Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre i tråd med gjevne belastningsfullmakter	Meirutgift (-) / mindreutgift etter gjevne belastningsfullmakter	Meirinntekt / mindreinntekt (-) i tråd med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparing (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. beløp som kan overførast	Beløp som kan overførast, utrekna av verksemda
032601/332601	Underforbruk	464 755		464 755	31 353			496 108	2 067 350	496 108

Oppstilling av artskontorapporteringa 31.12.2019			
	Note	2019	2018
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	0	800 000
Sals- og leigeinnbetalningar	1	91 353	664 569
Andre innbetalningar	1	0	0
Sum innbetalningar frå drift		91 353	1 464 569
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til løn	2	29 355 750	26 476 804
Andre utbetalningar til drift	3	11 525 005	10 069 758
Sum utbetalningar til drift		40 880 755	36 546 561
Netto rapporterte driftsutgifter		40 789 402	35 081 993
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	0	497
Utbetaling til kjøp av aksjar	5, 8B	0	0
Utbetaling til finansutgifter	4	1 490	1 016
Sum investerings- og finansutgifter		1 490	1 513
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		1 490	1 513
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	0	-11 977
Sum innkrevjingsverksemd og andre overf. til staten		0	-11 977
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	33 420 000	30 520 000
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		33 420 000	30 520 000
Inntekter og utgifter rapporterte på fellekapittel			
Gruppelivsforsikring, konto 1985 (jf. kap. 5309, inntekt)		44 800	45 260
Arbeidsgjevaravgift, konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)		3 636 174	3 299 038
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		1 264 937	907 284
Netto rapporterte utgifter på fellekapittel		-2 416 038	-2 437 014
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		71 794 855	63 178 470

Oversikt over mellomvære med statskassa

Eigedelar og gjeld	2019	2018
Krav	0	0
Kasse	0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank	0	0
Skyldig skattetrekk	-1 140 038	-1 071 319
Skyldige offentlege avgifter	-7 657	-560
Anna gjeld	0	33 333
Sum mellomvære med statskassa	-1 147 695	-1 038 545

Note 1 Innbetalingar frå drift

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Innbetalingar frå gebyr</i>		
Sum innbetalingar frå gebyr	0	0
<i>Innbetaling frå tilskot og overføringar</i>		
Andre tilskot og overføringar	0	800 000
Sum innbetalingar frå tilskot og overføringar	0	800 000
<i>Sals- og leigeinnbetalingar</i>		
Tilfeldige inntekter (post 01, 02)	91 353	664 569
Sum sals- og leigeinnbetalingar	91 353	664 569
<i>Andre innbetalingar</i>		
Sum andre innbetalingar	0	0
Sum innbetalingar frå drift	91 353	1 464 569

Note 2 Utbetalingar til løn

	31.12.2019	31.12.2018
Løn	22 110 495	20 118 312
Arbeidsgjevaravgift	3 636 174	3 299 038
Pensjonsutgifter	2 633 415	2 346 144
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-660 182	-752 098
Andre ytingar	1 635 848	1 465 408
Sum utbetalingar til løn	29 355 750	26 476 804
Tal på årsverk	31,79	30,51

Note 3 Andre utbetalinger til drift		
	31.12.2019	31.12.2018
Husleige	2 748 499	2 782 063
Vedlikehold av egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	3 727	16 180
Andre utgifter til drift av egedom og lokale	201 396	153 315
Reparasjon og vedlikehold av maskinar og utstyr	0	0
Mindre utstyrskjøp	267 747	35 903
Leige av maskinar, inventar og liknande	0	0
Kjøp av konsulenttenester	1 618 245	1 558 104
Kjøp av framande tenester	2 820 992	1 568 661
Reiser og diett	1 483 662	1 222 613
Andre driftsutgifter	2 380 737	2 732 919
Sum andre utbetalinger til drift	11 525 005	10 069 758

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter		
	31.12.2019	31.12.2018
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekt	0	0
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	1 490	1 016
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum innbetaling av finansutgifter	1 490	1 016

Note 5 Utbetalinger til investeringar og kjøp av aksjar		
	31.12.2019	31.12.2018
Utbetaling til investeringar		
Immaterielle egedelar og liknande	0	0
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Infrastrukturegedelar	0	0
Maskinar og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	0	497
Sum utbetaling til investeringar	0	497

	31.12.2019	31.12.2018
Utbetaling til kjøp av aksjar		
Kapitalinskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og andelar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		
	31.12.2019	31.12.2018
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)		
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	0	0

Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringer til staten		
	31.12.2019	31.12.2018
Tilskot til kommunar	200 000	515 000
Tilskot til ikkje-finansielle føretak	5 330 000	5 505 000
Tilskot til hushaldningar	0	40 000
Tilskot til ideelle organisasjonar	27 890 000	24 460 000
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer til staten	33 420 000	30 520 000

Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa			
<i>Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa</i>			
	31.12.2019	31.12.2019	
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Skilnad
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjar og andelar	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
Sum	0	0	0
Omlaupsmidler			
Kundekrav	0	0	0
Andre krav	0	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
Sum	0	0	0
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-93 164	0	-93 164
Skyldig skattetrekk	-1 140 038	-1 140 038	0
Skyldige offentlege avgifter	-8 155	-7 657	-498
Anna kortsiktig gjeld	-210	0	-210
Sum	-1 241 567	-1 147 695	-93 871
Sum	-1 241 567	-1 147 695	-93 871

Årets ord
2019 var

klimabrøl

Ordet blei omtalt
i over 200 store og
små saker i media



Årets ord – ti på topp

- 1 klimabrøl
- 2 bunadsgerilja
- 3 kjøttskam
- 4 scenenekt
- 5 kveikøl
- 6 overturisme
- 7 sovekapsel
- 8 helsesjukepleiar
- 9 havvind
- 10 skrønike





Riksrevisjonen

Vår saksbehandler
Alice Marie Mukamuhirwa 22241254
Vår dato 30.04.2020 Vår referanse 2019/00956-6
Deres dato Deres referanse

SPRÅKRÅDET
Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

Revisjon av årsregnskapet for Språkrådet 2019

Vedlagt følger revisjonsberetningen for Språkrådets årsregnskap for 2019.

Riksrevisjonen har revidert virksomhetens regnskap i samsvar med lov og instruks om Riksrevisjonen og internasjonale standarder for offentlig revisjon.

Offentliggjøring av revisjonsberetning

Revisjonsberetningen er Riksrevisjonens konklusjon på gjennomført finansiell revisjon. Denne revisjonsberetningen omfattes ikke av bestemmelsen om utsatt offentlighet i lov om Riksrevisjonen § 18 2. ledd.

Revisjonsberetningen skal i samsvar med Bestemmelser om økonomistyring i staten punkt 2.3.3 publiseres på virksomhetens nettsider sammen med årsrapporten.

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén
ekspedisjonssjef

Harald Haugen
avdelingsdirektør

Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur.

Kopi til: KULTURDEPARTEMENTET



SPRÅKRÅDET
Org. nr.: 971527404

Riksrevisjonens beretning

Til Språkrådet

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Språkrådets årsregnskap for 2019. Årsregnskapet består av ledelseskomentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2019.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 71 794 855 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet. Etter Riksrevisjonens mening gir Språkrådets årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2019 og kapitalposter pr 31. desember 2019, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI 2000–2899). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 130 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAI's etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så måte.

Ledelsens, styrets og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen og styret er ansvarlige for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen og styret er også ansvarlige for å etablere den interne kontrollen som de mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet og styret har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten

Vi kommuniserer med ledelsen og styret, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen, og informerer det overordnede departementet om dette.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen og styret, og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo; 30.04.2020

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén
ekspedisjonssjef

Harald Haugen
avdelingsdirektør

Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur